

Flora kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

NB! Tidsplan:

Kl 9:30: Synfaring Florø barneskole

Kl 10:30: Møtestart i Flora
samfunnshus, møterom Ytterøyane

Møteinnkalling

Møtedato: 23.03.2015

Møtestad: Florø barneskole* / Flora Samfunnshus

***Synfaring startar i administrasjons- og personalrom i 3. etasje av
hovudblokka ved Florø barneskole**

Møtetid: Synfaring kl. 09:30

Møtestart kl 10:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet

Rådmannen i sak 18 og 20 (kl 10:30)

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

o Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
017/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/15	Skriv og meldingar 23.3.15
019/15	Florø barneskole - synfaring
020/15	ROS-analyse Flora kommune
021/15	Oppfølgingsliste 3- 2015
022/15	Eventuelt

Med helsing

Bjarne Holme
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 23.03.2015	Saksnr 017/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/189
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 23.03.2015	Saksnr 018/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1401	Arkivsaknr.: 15/191
---	-------------------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 23.3.15

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	23.02.2015	Tilsynsrapportar Flora kommune	15/433
2	25.02.2015	Etiske retningsliner for Flora kommune	15/443
3	02.03.2015	Revisjonsuttale tilskotsmidlar psykologstilling, Rapportering Helsedirektoratet 2014, Flora kommune	15/484
4	08.03.2015	Fwd: VS: rekkefølgekrav Florelandet nord	15/520

Informasjonssaker ved rådmannen jf Eventuelt (sak 10/15) den 25.2.15:

Byggesak på Nordnes:

Kontrollutvalet ber rådmannen om ei kort utgreiing knytt til byggesak på Nordnes – anten munnleg eller skriftleg.

Ikkje innvilga permisjon for NKRF-seminar:

Kontrollutvalet ber rådmannen om ei kort utgreiing knytt til regelverk opp mot dette avslaget. Anten munnleg eller skriftleg.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Fra: Solberg, Lill Mona <fmsfLMS@fylkesmannen.no>
Sendt: 23. februar 2015 11:51
Til: Sekom postmottak
Emne: Tilsynsrapportar Flora kommune
Vedlegg: Endeleg tilsynsrapport Florø barneskole.pdf; Tilsynsrapport om skolebasert vurdering ved Torvmyrane skule.pdf

Vedlagt finn de til orientering to rapportar frå tilsyn med:

Flora kommune- Florø barneskole - skulen sitt arbeid med elevens utbytte av opplæringa
Flora kommune - Torvmyrane skule - skulebasert vurdering

Vi varslar ikkje pålegg og tilsynet er avslutta.

Beste helsing

Lill Mona Solberg
rådgjevar, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
e-post: fmsflms@fylkesmannen.no <<mailto:fmsflms@fylkesmannen.no>>, tlf.: 57643105
Våre nyhende les du på: www.fmsf.no <<http://www.fmsf.no>>



FYLKESMANNEN

I SOGN OG FJORDANE

TILSYNSRAPPORT

Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

Flora kommune - Florø barneskole

Sak 2014/2831

Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	4
2. Om tilsynet med Flora kommune – Florø barneskole	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar.....	4
2.2 Tema for tilsyn	4
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	5
3. Skulens arbeid med opplæringa i fag.....	6
3.1 Rettslege krav	6
3.2 Fylkesmannens undersøkingar	7
3.3 Fylkesmannens vurderingar.....	7
3.4 Fylkesmannens konklusjon.....	13
4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte	13
4.1 Rettslege krav	13
4.2 Fylkesmannens undersøkingar	14
4.3 Fylkesmannens vurderingar.....	15
4.4 Fylkesmannens konklusjon.....	21
5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning.....	21
5.1 Rettslege krav	21
5.2 Fylkesmannens undersøkingar	22
5.3 Fylkesmannens vurderingar.....	22
5.4 Fylkesmannens konklusjon.....	24
6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring.....	24
6.1 Rettslege krav	24
6.2 Fylkesmannens undersøkingar.....	24
6.3 Fylkesmannens vurderingar.....	24
6.4 Fylkesmannens konklusjon.....	25
7. Endeleg rapport	25
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget.....	26

Samandrag

Tema og formål

Temaet for tilsynet er retta mot skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Det overordna formålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa. Hovudpunkt i tilsynet er: Skulens arbeid med opplæringa i fag, undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte, undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning, og vurdering av behov for særskild språkopplæring.

Gjennomføring

Tilsynet vart opna gjennom varselbrev 07.07.2014. Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon og intervju , sjå vedlegg. Det er gjennomført intervju med skuleleiing og lærarar som underviser i faga matematikk, religion livssyn og etikk, og mat og helse. Elevar på 6. årstinnn har svart på spørjeskjema i dei same faga. Det er levert inn anonymiserte elevsaker om spesialundervisning og særskild språkopplæring.

Avdekte lovbrøt

Når det gjeld kontrollspørsmål om skulen sitt arbeid med eleven sitt utbytte av opplæringa, imøtekjem Florø barneskole dei aktuelle lovkrava. Det vart såleis ikkje avdekt lovbrøt.

Status på rapporten og vegen vidare

Tilsynet med skulen sitt arbeid med eleven sitt utbytte av opplæringa er med dette avslutta.

1. Innleiing

Fylkesmannen opna 07.07.2014 tilsyn med skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa ved Florø barneskole i Flora kommune.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 handlar om skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og består av tre område for tilsyn: Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa (som denne rapporten handlar om), forvaltningskompetanse og skulebasert vurdering. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell¹ knytt til tilsynet, og Fylkesmannen har gjennomført informasjons- og rettleiingssamlingar.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne tilsynsrapporten.

Tilsynet har ikkje avdekt lovbrøt.

2. Om tilsynet med Flora kommune – Florø barneskole

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannens tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannens tilsyn med offentlege skolar er utøving av myndigheit og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som lovbrøt, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsett i medhald av denne lova som er brotne.

2.2 Tema for tilsyn

Temaet for tilsynet er retta mot kjerneverksemda ved skulen: skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Det overordna formålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa.

Hovudpunkt i tilsynet er:

- Skulens arbeid med opplæringa i fag
- Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte
- Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Vurdering av behov for særskild språkopplæring

¹ <http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/Tilsyn/Rettleiingsmateriell-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/>

Tilsynet skal medverke til at kommunen som skuleeigar syter for at elevane:

- får kjennskap til og opplæring i måla som gjeld for opplæringa
- får tilbakemeldingar og blir involverte i eige læringsarbeid for å auke utbyttet av opplæringa
- får vurdert kontinuerleg kva for utbytte dei har av opplæringa
- blir følgde opp og får nødvendig tilrettelegging når utbyttet av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

Manglande etterleving av regelverket kan føre til at elevane ikkje får realisert sine moglegheiter eller får lite utbytte av opplæringa.

2.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Flora kommune vart opna gjennom brev datert 07.07.2014. Fylkesmannen har kravd at kommunen legg fram dokumentasjon med heimel i kommunelova § 60 c.

Tidsplanen for tilsynet:

- 07.07.14 – varselbrev til Flora kommune med kopi til Florø barneskule
- 01.10.14 – frist for innsending av dokumentasjon
- 29.10.14 – gjennomføring av opningsmøte og intervju av rektor og lærarar i fag
- 18.12.14 – utsending av førebels tilsynsrapport med førehandsvarsel om vedtak
- 23.01.15 – sluttmøte med kommunen
- 06.02.2015 – endeleg tilsynsrapport

Krav om innsending av dokumentasjon:

- Dokumentasjon som knyter seg til faga matematikk, RLE og mat og helse på 6. årstrinn, t.d. vekeplan, halvårsplan, vurderingskriterier.
- Vi ønskjer at lærarane som underviser i desse tre faga på 6. årstinn fyller ut vedlagt eigenvurderingsskjema, dvs. eitt samleskjema for kvar klasse.
- Dokumentasjon frå spørjeundersøking av alle elevar på 6. årstinn, dvs. 1/3 fyller ut for matematikk, 1/3 for RLE og 1/3 for mat og helse.
- To anonymiserte elevsaker om spesialundervisning (sakkunnig vurdering, vedtak, IOP, halvårsvurdering og rapport) og særskild språkopplæring (vedtak ved oppstart og vedtak ved ev. avslutning).
- Annan dokumentasjon, t.d. organisasjonsoversikt for Flora kommune - grunnskulesektoren.

3. Skulens arbeid med opplæringa i fag

3.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulens arbeid med opplæringa i fag. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. Det vil seie at opplæringa skal ha eit innhald som byggjer på kompetansemåla i læreplanen og medverkar til at dei blir nådde. Rektor må organisere skulen slik at dette blir sikra, jf. opplæringslova § 2-3.

Rektor skal sikre at undervisningspersonalet tek vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæring, kva som blir vektlagt i vurderinga av eleven sin kompetanse, og kva som er grunnlaget for vurderinga.

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og medverke til å forbetre opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2. Eleven skal kjenne til kva som er måla for opplæringa, kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, og kva som er grunnlaget for denne vurderinga, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane må kjenne til kompetansemåla i læreplanane for faga. Dei skal òg kjenne til kva læraren legg vekt på når læraren vurderer ein prestasjon. Frå og med 8. trinn skal elevane kjenne til kva som skal til for å oppnå dei ulike karakterane. Kravet til at dette skal vere kjent, inneber noko meir enn at informasjonen er tilgjengeleg for elevane. Rektor må organisere skulen for å sikre at undervisningspersonalet formidlar dette til elevane.

Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter LK06, jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. For dei fleste fag i grunnskulen og for nokre fag i vidaregåande skule er kompetansemåla førte opp per hovudtrinn eller etter fleire års opplæring. I slike tilfelle må rektor sikre at elevane får opplæring i alle kompetansemåla i faget / på hovudtrinnet gjennom opplæringsløpet. Opplæringslova § 5-5 heimlar at ein elev som får spesialundervisning, kan ha unnatak frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane. Gjeldande opplæringsmål for eleven skal da gå fram av ein individuell opplæringsplan (IOP). I slike tilfelle må skulen sikre at opplæringa for eleven dekkjer dei individuelle måla.

Alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.

Skulen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Det må gå fram av IOP-en kva for tidsintervall han gjeld for.

Innhaldet i IOP-en skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik frå LK06.

IOP-en skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal gjennomførast, jf. opplæringslova § 5-5. Reglane for innhald i opplæringa gjeld så langt dei passar for spesialundervisninga. Det kan føre til at måla for opplæringa vik av frå kompetansemåla i læreplanane i LK06.

Før skulen/kommunen gjer eit enkeltvedtak om spesialundervisning, skal PPT utarbeide ei sakkunnig vurdering. Den sakkunnige vurderinga skal gje tilråding om innhaldet i opplæringa, mellom anna realistiske opplæringsmål for eleven, og kva for opplæring som gjev eleven eit forsvarleg opplæringstilbod. Vedtaket om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige vurderinga, og eventuelle avvik må grunngjevast. Vedtaket om spesialundervisning fastset rammene for opplæringa og dermed innhaldet i IOP-en. IOP-en kan først takast i bruk etter at det er gjort enkeltvedtaket om spesialundervisning.

IOP-en må ha eigne mål for opplæringa når han vik av frå LK06, og skulen må ha ein implementert rutine som sikrar at tilbodet om spesialundervisning blir sett i samanheng med planane for den ordinære opplæringa (klassen).

Reglane om innhald i opplæringa (kompetansemåla i læreplanane) gjeld for spesialundervisning så langt dei passar, jf. § 5-5 i opplæringslova. Skulen skal leggje vekt på utviklingsmoglegheitene for eleven og dei opplæringsmåla som er realistiske innafor det same totale undervisningstimetaket som for andre elevar, jf. opplæringslova § 5-1. Den individuelle opplæringsplanen skal vise måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5. Dersom vedtaket om spesialundervisning ikkje inneheld avvik frå LK06, eller berre har færre kompetansemål i eit fag enn i den ordinære læreplanen, må dette òg komme klart fram i IOP-en. Det må òg komme klart fram i kva for fag eller delar av fag eleven eventuelt skal følgje ordinær opplæring (i klassen). Skulen må ha ein skriftleg framgangsmåte som opplyser om korleis ein skal sjå spesialundervisninga og den ordinære opplæringa i samanheng / arbeide saman i slike tilfelle. Framgangsmåten må vere innarbeidd av dei som har ansvaret for å utvikle IOP-en og for å gjennomføre opplæringa.

3.2 Fylkesmannens undersøkingar

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på innsendt skriftleg dokumentasjon, eigenvurderingar og opplysningar gitt i intervju av rektor og lærarar i på 6. årstrinnet i faga; matematikk, mat og helse, og religion og livssyn og etikk.

3.3 Fylkesmannens vurderingar

Sikrar rektor at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget?

- Skulen har sendt inn årsplanar i faga mat og helse, RLE og matematikk for 6. årsteg 2014-2015. I tillegg er det levert inn IOP'ar. Når det gjeld mat og helse er opplæringa i sin heilskap lagt til 6. årsteg og fagplanen skisserer kompetansemål for 5.-7. årsteg slik dei er uttrykt i Læreplan for Kunnskapsløftet. Kompetansemåla er vidare uttrykt som lokale læringsmål/tema fordelt på dei ulike vekene i skuleåret. I faga matematikk og RLE har fagplanane kompetansemål, men her er opplæringa lagt til fleire årsteg og det er difor ikkje på same måte ikkje relevant å kontrollere fagplanane opp mot kompetansemåla for 7. årsteg.

- I kartleggingsplanen til Flora barneskole går det fram at det skal lagast ny IOP etter felles mal for elevar med rett til spesialundervisning årleg. Frist for klargjering av dokumentet er inneverande skuleår sett til 12. september.
- På vekeplanen for klasse 6C veke 37 og veke 38 inneverande skuleår går det fram læringsmål for faga matematikk, engelsk, norsk, geografi og RLE. Det er ikkje sett opp læringsmål for faget mat og helse.
- Skulen har laga ny mal for vekeplanane hausten 2014. Det er her definerte kollonner til utfylling av læringsmål i faga norsk, matematikk, engelsk, naturfag, samfunnsfag og kategorien *sosialt*. Det er ikkje sett opp ein eigen kategori for faga mat og helse og RLE.
- Det er laga ny felles mal for lokale fagplanar ved skulen. Her skal skulen m.a. skrive inn kompetansemål, læringsmål, metodar brukt i opplæringa, læremiddel, organisering av undervisninga og vurdering.
- Skulen har ein eigen kartleggingsplan som m.a. skal sikre eit vurderingsgrunnlag for den halvårlege elevsamtalen og halvårsvurdering i fag. Det er laga ein fast mal som klargjer at læraren gjennom halvårsvurderinga skal gjere tydeleg kva som er målet for opplæringa. Kontaktlæraren skal vidare gje skriftleg gje tilbakemelding til rektor om gjennomførte elev- og fagsamtalar.
- Leiinga er fysisk samlokalisert med det pedagogiske personalet og meiner på denne måten at dei kjem nærare dagleg pedagogisk praksis.
- I referat frå teammøta på skulen til behandling i plangruppa 07.11.2013 går det fram at det pedagogiske personalet ønskjer større grad av observasjon og tilbakemelding på praksis i klasserommet. Innføringa av den årlege *parsamtalen* mellom leiinga og pedagog-para er eit resultat av eit kvalitetsutviklingsarbeid ved skulen hausten 2013. Føremålet med samtalen er styrking av tilbakemeldingskvaliteten og læringsutbytte gjennom strukturerte samtalar mellom lærarpar og skuleleiing.
- Det er dokumentert at leiinga gjennomfører teamsamtale med trinn der kartleggingsresultat og anna informasjon om fagleg utvikling hos elevane er tema. I invitasjon til 1. klassetrinnet våren 2014 går det fram at samtalan skal referere seg til m.a. kompetansemåla i norsk i området skriftlege tekstar.
- Det kjem fram i intervju at leiinga har tilgang til å sjå alle vekeplanane på skulen sitt saksbehandlarsystem. Elles gjennomfører leiinga jamleg samtalar med tilsette, t.d. medarbeidersamtale, parsamtale og trinnsamtale, der formidling av mål og vurderingspraksis er tema.
- Det blir i intervju forklart av både leiing og tilsette ved skulen at skulen har særskilte prosessar kring vurdering og innkjøp av nytt læreverk. Med i denne vurderinga høyrer vurdering av læreverket opp mot kompetansemål i faget.
- I intervju kjem det fram at leiinga tek inn årsplanar i fag for ettersyn. Heil konkret kjem det fram døme på at dette er gjort i faget matematikk og at fagplanar skal inn som tema i den årlege parsamtalen mellom leiinga og pedagogisk tilsette.

- Skulen har ein rutine for skulebasert vurdering der det går fram at den skriftlege førebuinga som kvart lærarpar gjer i forkant av parsamtalen, skal utgjere referatet frå samtalen. Lærarane må sjølve føre inn ev. punkt.
- Skulen har sendt inn eit eige kommentarskriv i lag med eigenvurderingsskjemaet og anna dokumentasjon. Her forklarar leiinga ved skulen:

Ved innføring av LK06 vart det utarbeida lokale læreplanar ved skule. Desse har ikkje blitt regelmessig revidert. Etter at det kom nye læreplanar i 2010 har vi valt å lage fagplanar i faga på trinnet. Vi ser at det er ein svakhet at vi ikkje har gjeve lærarane tilbod om å skrive årsplanane i ein felles mal. Vi har laga felles mal for årsplan i faga og for vekeplanane som vert nytta på skulen. Malane vil bli teke i bruk når vi ved nytt skuleår skal revidere fagplanar. Dette for å få fram ein meir heilskapleg praksis. Vi har heller ikkje som leiing hatt gjennomgang av årsplanane kvart år med trinnet. Dette ser vi som ein svakhet og har lagt inn eit punkt i «parsamtalen» som skal gjennomførast i november at vi ønskjer å drøfte halvårsvurderingane som er gjort i høve elevane».

Ettersendt dokumentasjon, per 17.11.2014

- Skulen har sendt inn døme på utfylt vekeplan etter ny mal som er innført frå veke 47. Det er her sett opp læringsmål for faga norsk, matematikk, engelsk, naturfag/samfunnsfag, RLE, mat og helse (i to av tre klasser) og kategorien sosialt.
- Det er dokumentert plan og ny dagsorden for parsamtalane hausten 2014. På alle trinn skal elevvurdering, årsplan i matematikk og arbeid med kompetansemål i faget vere tema.

Skulen skriv sjølv i samband med tilsynet at lokale læreplanar ikkje har vore regelmessig revidert, at det ikkje har vore felles mal for lokale fagplanar og det har heller ikkje vore fast årleg gjennomgang av planane med trinnet.

Fylkesmannen finn at dei planane som skulen har sendt inn i samband med tilsynet er oppdaterte når det gjeld kompetansemåla i dei aktuelle faga.

Vi registrerer at det no er laga felles mal for vekeplanar og fagplanar, samt at parsamtalen hausten 2014 tematiserer fagplanen i matematikk. Det er sendt inn to referat frå parsamtalar; 05.11.2014 og 11.11.2014. Referata fokuserer resultat på nasjonale prøver og skulen sine kartleggingsprøver. Det er ikkje haldepunkt for å seie at arbeid med kompetansemåla i matematikk har vore eit sentralt tema i desse samtalan.

Rektor er i ferd med å sikre at opplæringa i faga er i samsvar med kompetansemål i LK06. Det er lagt opp til eit system gjennom både felles malar og strukturerte årlege samtaler, men referat frå gjennomførte samtalar hausten 2014 syner at rektor enno kan utvikle parsamtalen som arena når det gjeld å vurdere om innhaldet i opplæringa er knytt opp til kompetansemål i alle fag.

Vi har peika på nokre punkt der skulen har utfordringar i forhold til dette kontrollspørsmålet, men vi konkluderer med at rektor sikrar at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemåla i dei aktuelle faga, dvs. matematikk, mat og helse, og religion, livssyn og etikk.

Sikrar rektor at undervisningspersonalet tek vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæring, kva som blir vektlagt i vurderinga av eleven sin kompetanse, og kva som er grunnlaget for vurderinga?

- I eigenvurderinga skriv rektor at skulen har ulike malar for t.d. elevsamtale og vurderingskriterier, men ikkje noko fast system. Vidare blir det opplyst at i samband med medarbeidersamtalen i januar 2014 gjennomførte personalet ei eigenvurderinga av læringsarbeidet og vurderingspraksis.
- I Florø barneskole sin handlingsplan går det fram at skulen har tre utviklingsområde for perioden 2013-2015, der vurdering for læring med særleg vekt på framovermelding og tilbakemelding er eitt av desse.
- I Fylkesmannen si spørjeundersøking² kjem det fram at nær alle elevane meiner at læraren forklarar kva som er målet i faget, slik at eleven forstår kva ho/han skal lære. Om lag same resultat finn vi når vi spør om elevane får vite kva læraren legg vekt på når arbeidet i faget skal vurderast. På spørsmål om læraren fortel elevane undervegs i opplæringa kva dei får til i faget er det noko variasjon i svara i mellom faga. 47% av elevane i faget mat og helse svarer nei på dette spørsmålet, medan 27% svarar nei i RLE og 1% av elevane svarar nei i matematikk.
- I intervju med lærarane kjem det fram at alle presenterer mål for opplæringa på tavla jamleg. Korleis måla vert formidla kan variere.
- Vekeplanane inneheld frå veke 47 inneheld i stor grad mål for faga.
- I intervju med lærarane kjem det fram at det er ulik vurderingspraksis i dei ulike faga.

Ettersendt dokumentasjon, per 17.11.2014

- Skulen har sendt inn innkalling og sakspapir til plangruppemøte 03.11.2011 der første sak er *vurdering for læring*. Det er lagt ved eit notat der det går fram at leiinga har kartlagt vurderingspraksisen ved skulen og dei konkluderer med at skulen manglar eit heilskapleg og felles system for undervegsvurdering.
- I referat frå plangruppemøte 17.09.2012 går det fram at faglege tilbakemeldingar og framovermeldingar til elevar og føresette er tema.
- I referat frå plangruppa 26.09.2013 er skulen sin tilbakemeldingskultur tema. Dette kjem som eit resultat av helsekartlegginga ved Flora barneskule våren 2013.
- I plangruppemøte 16.01.2014 er evaluering av den strukturerte parsamtalen tema.
- Det er dokumentert plan for parsamtalane hausten 2014. På alle trinn skal lærarane forklare korleis dei gjev framovermelding i faga, ta med døme på elevarbeid, vurderingskriterier og likande som er nytta i undervegsvurdering i faga.

² Spørjeskjema vart sendt ut til elevane på 6. årsteg. Ein tredjedel svara på faget mat og helse, ein tredjedel svare på faget matematikk og ein tredjedel svara på faget RLE.

Leiinga gjennomførte i 2011 ei kartlegging av vurderingspraksisen ved skulen. Skulen kommenterer sjølv at dei manglar eit heilskapleg system og felles praksis for undervegsvurdering. «Den satsinga vi er inne i må halde fram i mange år før skolen har etablert ein praksis som er god nok, vi treng ein langsiktig plan der vi startar med nokre grep no i 2011».

Gjennom parsamtalen skal rektor no frå november 2014 sikre at det vert sett fokus på læraren sitt arbeid med vurderingskriterier og framovermelding til elevane. Referat frå gjennomførte samtalar i november 2014 syner at desse tema i liten grad hadde fokus i parsamtalane.

Rektor sitt ansvar for å sikre eleven sine rettar gjennom lærarane sin opplæringspraksis betyr at rektor må halde fram med å gi føringar og ha oppfølging slik at arbeidet i større grad får karakter av å vere eit system.

Sikrar rektor at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet/ i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP?

- Skulen har grundige prosessar ved val av nye lærebøker. Det blir sett med ei arbeidsgruppe der leiinga er representert og der vurderinga av læreverket opp mot kompetansemåla i læreplanen står sentralt.
- Det kjem fram i intervju at skulen har oppdaterte lærebøker.
- Det er dokumentert at rektor gjer enkeltvedtak og skriv under IOP og årsrapport for spesialundervisning.
- Leiinga legg særleg vekt på å formulere mål i IOP-en som er mogleg å evaluere. Dette forholdet vart og stadfesta i intervju med lærarane.

Har alle elevar som har vedtak om spesialundervisning IOP?

- I kartleggingsplanen til Florø barneskole går det fram at det skal lagast ny IOP etter felles mal for elevar med rett til spesialundervisning årleg. Frist for klargjering av dokumentet er inneverande skuleår sett til 12. september.
- Kontaktlærar er i sin arbeidsinstruks gjeve ansvaret for å utarbeide IOP for elevar med enkeltvedtak etter opplæringslova § 5-1.
- Skulen har dokumentert to enkeltvedtak om spesialundervisning for skuleåret 2014-2015. I begge sakene er det laga IOP for elevane.

Samsvarer innhaldet i IOP-en med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik frå LK06?

- I kartleggingsplanen til Florø barneskole går det fram at det skal lagast ein IOP for elevar med vedtak om spesialundervisning. Det går vidare fram at opplæringsplanen skal utformast på bakgrunn av enkeltvedtaket og synleggjere i kva fag og delar av fag eleven får spesialundervisning i. Det skal og gå fram i kva delar av fag eleven skal følgje ordinær opplæring. Det er laga ein mal for IOP på skulen.

- I samband med tilsynet er det levert inn to individuelle opplæringsplanar. Det er ikkje gjort avvik frå kompetansemål i LK06 for desse to elevane.

Det er ikkje levert inn IOP-ar for elevar med avvik frå kompetansemåla i LK06, men Fylkesmannen finn på bakgrunn av skulen sine rutinar, tydelege enkeltvedtak og god korrelasjon mellom enkeltvedtak og IOP at dette kravet vert ivareteke.

Har IOP-en eigne mål for opplæringa når han vik av frå LK06, og har skulen ein implementert rutine som sikrar at tilbodet om spesialundervisning blir sett i samanheng med planane for den ordinære opplæringa (klassen)?

- I skulen sin mal for IOP er det lage ein eigen kategori for læringsmål og om måla er i samsvar med LK06.
- Flora kommune har gjennomført ei to-pedagog ordning frå 2002. På Florø barneskole er klassane på 1.-4. trinn i tillegg til grunnressursen styrka med femten timar med ekstra pedagog. På 5.-7. trinn er klassane styrka med fjorten timar ekstra pedagog. Ressursen skal bidra til at fleire elevar får eit godt læringsutbytte og større grad av differensiering og tilpassing av opplæringa.
- Det kjem fram i intervju at det normalt vil vere «ekstra-pedagogen» som har ansvaret for spesialundervisninga og at skulen prøver å forsterke gjennom eit glidelåsprinsipp mellom kontaktlærar og pedagog nr. to i klassen. På denne måten sikrar ein og at spesialundervisninga naturleg blir sett i samanheng med den ordinære undervisninga i klassen. Dersom spesialundervisninga ikkje blir ivareteke gjennom to-pedagog ordninga så er det fast samordningstid mellom spesialpedagogen og kontaktlærar første onsdagen kvar månad.

Kommunens tilbakemelding etter førebels rapport

Kommunen skriv i brev datert 28.02.2014:

«Leiinga ved Florø barneskole har i november og desember gjennomført 22 parsamtalar. På bakgrunn av samtalane har vi i januar starta opp eit arbeid knytt til rekning som grunnleggjande ferdighet og til utvikling av vurderingskriterier knytt til kompetansemåla etter 2,4 og 7.årssteg. Målet med arbeidet er å auke merksemda kring kompetansemål, vurderingskriter og gode framovermeldingar til elevane knytt til halvårsvurdering i faget. Florø barneskole legg ved plan for arbeidet , og dei første dokumenta som trinna no byrjar levere inn. Det er viktig for oss å gjere Fylkesmannen merksam på at dette arbeidet er ein del av ein større/lengre prosess, der lærarane skal arbeide saman i andre grupper når dei seinare skal vurdere progresjonen på steget 1-4. trinn og 5-7.trinn.»

Fylkesmannens vurdering

Skulen forklarar og dokumenterer at det er starta opp eit systematisk arbeid med lokale læreplanar og rekning som grunnleggjande ferdigheit i alle fag, vidare at vurderingskriterier knytt til kompetansemåla etter 2., 4. og 7. årssteg skal vere ein del av dette arbeidet.

Vi forstår det slik at systematisk arbeid med lokale læreplanar og rekning som grunnleggjande ferdigheit i alle fag har kome fram som eit resultat etter 22 gjennomførte parsamtalar i november og desember 2014. Vidare er denne satsinga ein del av ein større/lengre prosess.

Då vi legg til grunn at parsamtalen er eit viktig element i skulen sitt systematiske arbeid med lokale læreplanar og vurderingsarbeid, reknar vi også med at m.a. rekning som grunnleggjande ferdigheit vil bli følgt opp i dei komande parsamtalane mellom lærarane og skuleleiinga.

3.4 Fylkesmannens konklusjon

Skulens arbeid med opplæringa i fag imøtekjem dei aktuelle lovkrava.

4. Underevgsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

4.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulens arbeid med underevgsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte av opplæringa. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og/eller i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Elevane skal få rettleiing i kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til.

Elevane skal bli kjende med måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Dette gjeld for alle årstrinn og gjeld òg for elevar med individuelle mål i ein IOP. Elevane skal bli i stand til å forstå kva dei skal lære, og kva som er formålet med opplæringa. Lærarane gjennomfører opplæringa og må kommunisere dette til elevane.

Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.

Eleven skal kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane skal kjenne til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av ein prestasjon. Kravet til at det skal vere kjent for eleven, inneber at det ikkje held at informasjonen ligg på Internett, eller at ein kan få informasjonen ved å spørje læraren. Lærarane må kommunisere grunnlaget for vurderinga til elevane.

Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke sin kompetanse.

Vurderinga underevgs i opplæringa skal gje god tilbakemelding og rettleiing til eleven og vere ein reiskap i læreprosessen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2.

Underevgsvurdering skal medverke til at eleven aukar sin kompetanse i fag, jf. forskrifta § 3-11. Underevgsvurderinga skal elevane få løpande og systematisk, ho kan både vere skriftleg og munnleg, skal innehalde grunngjeven informasjon om kompetansen til eleven og skal gjevast med sikte på fagleg utvikling.

Elevane skal involverast i eige læringsarbeid.

Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12. Lærarane må syte for at elevane blir involverte i dette. Eleven si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga.

Skulen må ha ein implementert rutine for halvårsvurdering ved spesialundervisning i alle fag der det blir gjeve informasjon om elevane sin kompetanse i faga, og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.

Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal uttrykkje eleven sin kompetanse knytt til kompetansemåla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Halvårsvurdering skal òg gje rettleiing i korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Halvårsvurdering utan karakter skal elevane få gjennom heile grunnopplæringa og gjeld alle elevar uavhengig av vedtak og type opplæring. Det er ikkje sett krav til kva form vurderinga skal ha. Vurderinga kan derfor vere både skriftleg og munnleg. Frå og med 8. årstrinn og i vidaregåande opplæring skal vurderinga gjennomførast midt i opplæringsperioden. Frå og med 8. årstrinn og i vidaregåande skule skal elevane få vurdering utan karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Frå 8. årstrinn og i vidaregåande skule skal elevane i tillegg ha halvårsvurdering med karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Skulen må ha ein skriftleg og innarbeidd framgangsmåte for at halvårsvurderingar vert gjeve på riktige tidspunkt og har eit innhald i samsvar med forskrifta.

Skolen må ha ein implementert rutine som sikrer at årsrapporten inneheld ei vurdering av elevens utvikling ut frå måla i IOP-en.

For elevar med spesialundervisning skal skulen, i tillegg til halvårsvurdering med og utan karakter, ein gong i året utarbeide ein skriftleg rapport. Rapporten skal mellom anna gje vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP, jf. opplæringslova § 5-5.

Skulen må ha ein skriftleg og innarbeidd framgangsmåte for at årsrapportar vert gjeve på riktige tidspunkt og at dei har eit innhald i samsvar med forskrifta.

4.2 Fylkesmannens undersøkingar

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på innsendt skriftleg dokumentasjon, eigenvurderingar og opplysningar gitt i intervju av rektor og lærarar i på 6. årstrinnet i faga; matematikk, mat og helse, og religion og livssyn og etikk.

Under dette temaet har 52 elevar (fordelt på tre klassar) på 6. årstrinnet svart på eit eige spørreskjema. Det var utarbeidd 8 spørsmål om vurdering i faga matematikk, mat og helse, og religion, livssyn og etikk. 1/3 av elevane har svart i forhold matematikk, 1/3 helse, og religion, livssyn og etikk og 1/3 mat og helse.

4.3 Fylkesmannens vurderingar

Får elevane rettleiing i kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til?

- Skulen har laga eit skriv som identifiserer kjenneteikn på den gode timen på alle klassesteg. Kjenneteikn på 6. klassesteget er m.a. «Timen har tydelege mål, og elevane får positiv tilbakemelding på arbeidsinnsats og læringsaktivitet.»
- Kontaktlæraren er i sin instruks pålagd å bruke skulens mal for vekeplan.
- Elevane får utdelt vekeplan der det er sett opp timeplan og mål for dei aktuelle faga under punktet læringsmål.
- Det er laga felles mal for vekeplanar i haust.
- Nær 100% av elevane i Fylkesmannen si spørjeundersøking svarar at *læraren forklarar til dei kva målet i faget er, slik at dei forstår kva dei skal lære.*
- Det kjem fram i intervju at det er praksis å skrive opp målet for opplæringa på tavla.
- I mal for halvårsvurdering i fag går det fram at eleven skal vurderast opp mot kompetansemål i faget. Det er og sett opp eit årshjul for gjennomføring av halvårssamtalane i kartleggingsplanen til skulen.
- I intervju kom det fram døme på at fagbøkene i matematikk blir vurdert opp mot kompetansemåla i faget, at det blir gjennomført kapittelprøve og elevene får spørsmål undervegs om dei kjenner måla for kapittelet.

Ettersendt dokumentasjon, per 17.11.2014

- Skulen har sendt inn vekeplanar for veke 47. Her går det fram i informasjonen til elev og føresett at skulen har laga ny vekeplan med læringsmål og eigenvurdering for elevane kvar veke. Elevane skal vurdere om dei har klart vekas læringsmål innan ein fast vekedag. Læraren vil kontrollere vekeplanen.

Ved gjennomgang av vekeplanane for veke 47 syner at læringsmåla i **matematikk** og **RLE** for årssteget korresponderer med årsplanane i faget. Når det gjeld mat og helse, samsvarar ikkje læringsmåla for veka med oppsett årsplan i faget som seier «forklare korleis maten verkar som energikjelde og byggjemateriale».

Får elevane rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget?

Matematikk

- I fagplanen går det fram på kva måte elevane skal vurderast opp i mot kompetansemåla i faget. Prøver, samtaler, eigenvurdering, vurdering av arbeidsinnsats og tilbakemelding på lekser kvar dag m.v. er nemnde som ulike måtar å vurdere elevane på.

- Nær 100 % av elevane svarar at dei *får vite kva som blir lagt vekt på når arbeidet ditt i faget vert vurdert.*
- I intervju kjem det fram at elevane får skrive opp på tavla kva som er målet for opplæringa og kriterier for måloppnåing. Elevane skal sjølvstende vere med å vurdere måloppnåinga og kva dei ev. kan gjere for å betre måloppnåinga. Vidare er kjenneteiken på måloppnåing formidla til elevane både munnleg og skriftleg.

Fylkesmannen finn at elevane får rettleiing i kva som bli lagt til grunn for vurdering i faget. Vi vil merke at vurdering av arbeidsinnsats er nemnd som metode, men det er etter § 3-3 andre ledd i forskrift til opplæringslova³ ikkje høve til å leggje vekt på eleven sin innsats i faget i vurdering av måloppnåing i matematikk.

Mat og helse

- I faget mat og helse er det sendt inn eit eigenvurderingsskjema som elevane skal nytte. Det er sju punkt som elevane skal vurdere, som gjeld eigen orden og åtferd. Det åttande punktet gjeld vurdering av om eleven er nøgd med produktet dei har laga.
- Det vert stadfeste i intervju at lærarane i mat og helse legg same skjema til grunn når dei rettleiar elevane i kva som blir lagt vekt på i vurdering av faget. I tillegg er det eit sentralt vurderingskriterium om elevane les matoppskrifta rett.
- Nær 100 % av elevane svarar at dei *får vite kva som blir lagt vekt på når arbeidet ditt i faget vert vurdert.*
- Det kjem fram i intervju at lærarane rettleiar elevane i samband med opplæringa i mat og helse, men grunnlaget for vurderinga er det som vert kalla ferdigheiter i faget. Det grunnleggjande i faget er av lærarane forstått som hygiene, kunnskap om reiskaper, lese oppskrifter godt, søppelsortering og orden.

Grunnlaget for vurdering i mat og helse er som for andre fag, kompetansemåla i læreplanen. Det tyder at elevens samarbeidsevne, faglege interesse, sjølvstende, initiativ og innsats ikkje skal vere ein del av vurderingskriteriet i faget. Det er heller ikkje høve til å trekke inn orden og åtferd i vurderinga av kompetansen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-3.

Grunnleggjande ferdigheiter i faget er definert i LK06 og integrerte i kompetansemåla. Grunnleggjande ferdigheter medverkar til å utvikle fagkompetansen.

Det er Fylkesmannens vurdering at elevane ikkje vert vurdert opp mot kompetansemåla i læreplanen i faget mat og helse.

Religion, livsyn og etikk (RLE)

- I fagplanen går det fram at kor delaktige elevane er i samtalar og kvalitet på samtalen, kvalitet på skriftleg arbeid og framføringar og testar er måtar å vurdere elevane i faget.

³ Jf. Udir-1-2010

- 80 % av elevane svarar at dei får vite kva som blir lagt vekt på når arbeidet ditt i faget vert vurdert.
- I intervju kjem det fram at kriterier for skriftleg kommunikasjon er m.a. at eleven skal lese i gjennom ein eigenprodusert tekst tre gonger for å sjekke rettskriving og teiknsetting. Når det gjeld munnlege framføringar er kriteria m.a. å snakke sakte og sjå opp frå boka. I intervju vert det uttrykt «Faget er veldig stort, det blir tidvis eit abstrakt fag. Vi kan teste dei på ein prøve, men etter 14 dagar kan dei ha gløymd det vi testa dei i. Vi har difor hovudfokus på dei grunnleggande ferdighetene. (...)I framføringane så har vi kriterier for kva elevane skal sjå på, stemmebruk, snakke sakte, sjå opp frå boka, dette er vurdering av munnleg aktivitet som vi gjer i alle fag.»
- Lete- og leiteprøve vert nytta jamleg for å vurdere elevane. Oppgåva er her at elevane skal lese ein tekst, finne svar i teksten og skrive svaret i heil setning.
- Lærarane forklarar i intervju at dei nyttar mykje nøkkelspørsmåla «kor er eg?», «Kor skal eg» og «Kor går vegen vidare?» som metode for å gje tilbakemelding til elevane⁴.
- Det kjem fram i intervju med lærarane at det er oppfatta som vanskeleg å klargjere kva som skal leggjast vekt på i vurderinga av elevane sin kompetanse i RLE. Det er diskutert, men ikkje klarlagt kva som er ulik grad av måloppnåing i faget. Vurdering av elevane vert formidla gjennom daglege samtalar og elevsamtale.
- Det kjem fram i intervju at det vert oppfatta som vanskeleg å gje gode halvårsvurderingar om måloppnåing i høve til kompetansemåla i faget. Difor legg lærarane dei grunnleggande ferdighetene i faget til grunn for vurdering av elevane.

Elevane får rettleiing, men det er uklårt for Fylkesmannen kva som er grunnlaget for vurdering av elevane i faget RLE.

Får elevane tilbakemeldingar på kva dei meistarar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke sin kompetanse?

- Florø barneskole har ein kartleggingsplan som m.a. skal sikre eit systematisk arbeid med den einskilde elev og klasse sin faglege utvikling. På 6. årsteg skal det gjennomførast Carlsten lese- og skriveprøve og M5- prøva i matematikk. Det er og valfrie kartleggingsprøver i rekning og lesing. Alle kartleggingane skal leggjast inn i analyseverktøyet VOKAL. I etterkant av kartleggingar er det krav til oppfølging og dialog om mellom anna utvikling med elev og føresett.
- Skulen har malar for elevvurderingsskjema som skal nyttast i forkant av elevsamtalar. Elevane skal ta stilling til om dei får den hjelpa dei treng av dei vaksne på skulen og om læraren er god til å lære dei nye ting. Føresette skal og vere med å vurdere m.a. om vekeplanen har gjeve nok informasjon til å støtte opp om skularbeidet.

⁴ Refererer til ein modell utvikla av Hattie og Timperley (2007).

Mat og helse

- Nær 50% av elevane svarar at dei ikkje får forklart undervegs i opplæringa kva dei får til i faget.
- I intervju kjem det fram at lærarane er usikre på om dei har kommunisert godt nok kva som vert lagt til grunn for vurdering i faget. Vi har tidlegare også vist til at elevane ikkje blir vurdert opp mot gjeldande kompetansemål i faget.

RLE

- Nær 30% av elevane svarar at dei ikkje får forklart undervegs i opplæringa kva dei får til i faget.
- Det kjem fram i intervju at elevane gjennomfører testar og at dei får skriftlege kommentarar der dei får vurdert korleis dei kan utvikle seg i faget. Det kjem og fram at blir formidla gjennom daglege samtaler og elevsamtale korleis eleven presterar i faget. Vi har tidlegare vist til at det er uklårt for Fylkesmannen kva som er grunnlaget for vurdering av elevane i faget.

Matematikk

- Nær 100% av elevane meiner at læraren forklarar undervegs i opplæringa kva dei får til i faget.
- Det kjem fram i intervju at lærarane er svært konkrete overfor elevane når det gjeld kva dei må øve meir på. Det er praksis å ta med seg elevar ut på eit grupperom der ein samtalar rundt oppgåveløysing i faget. Det blir samla referat frå samtalan i ein perm, slik at det er lett å ta oppatt tematikk frå førre samtale. Det er og lagt vekt på dagleg dialog der læraren går rundt og sjekkar elevane sitt arbeid. Er det problemstillingar som går igjen blir det teke opp på tavla og løyst i fellesskap.

Blir elevane involvert i eige læringsarbeid?

- Skulen har organisert undervisninga gjennom to-pedagogordninga som m.a. skal sikre at elevane får hyppig tilbakemelding og tett oppfølging i opplæringa. Leiinga erkjenner i intervju at lærarane kan ha litt ulik praksis når det gjeld å trekkje elevane inn som ein aktiv part i vurderinga.
- I samband med klasseleiingsprosjektet ved skulen har leiinga gjeve skriftleg tilbakemelding på tilsette sine refleksjonsnotat som syner at tilsette arbeider kunnskapsbasert med tilbakemeldingskultur og elevvurdering.
- Elevundersøkinga til Utdanningsdirektoratet for 2013-2014 for Florø barneskole syner at det er lågast delskår på spørsmål om involvering av elevane i vurderinga av eige skularbeid.

Ettersendt dokumentasjon, per 17.11.2014

- Skulen har sendt inn vekeplanar for veke 47. Her går det fram i informasjonen til elev og føresett at skulen har laga ny vekeplan med læringsmål og eigenvurdering for elevane kvar veke. Elevane skal vurdere om dei har klart vekas læringsmål og innan torsdag kvar veke. Læraren vil kontrollere vekeplanen.

Mat og helse

- Mellom 80-90% av elevane i Fylkesmannen si spørjeundersøking meiner dei får vere med å vurdere arbeidet sitt og korleis dei utviklar seg i faget.
- Det kjem fram i intervju at elevane vert involvert gjennom at læraren går rundt og snakkar med elevane. Det vert uttrykt slik *«Samtalen er viktig. Kva gjorde du galt no? Det blir og å spørje kvifor gjorde du detta no? Dei må sjå kvifor dei gjorde feil og det er ofte fordi elevane ikkje les oppskrifta. Vi vil i første omgang at elevane skal lære seg å lese oppskrifta. Å lese oppskrifta er det eg vurderer mykje ut i frå.»*
- Elevane har fylt ut eigenvurderingsskjema ein gong i haust, der elevane skal vurdere om dei har teke med seg utstyr, hygiene, samarbeid, innsats og om dei er nøgde med innsats og produkt.

RLE

- 75% av elevane meiner dei får vere med å vurdere arbeidet i faget, medan 90% av elevane meiner dei får vere med å vurdere korleis dei utviklar seg i faget i løpet av skuleåret.
- Det kjem fram i intervju at lærarane rettleiar i samband med gjennomført prøver, snakkar med elevane både dagleg og i elevsamtale.

Matematikk

- Mellom 80-90% av elevane i Fylkesmannen si spørjeundersøking meiner dei får vere med å vurdere arbeidet sitt og korleis dei utviklar seg i faget.
- I intervju kjem det fram at lærarane samtalar med elevane om kva dei synes er lett eller vanskeleg og at lærarane ofte stiler spørsmål om korleis elevane kan arbeide med problemet på ein annan måte. Det er lagt vekt på kontinuerleg elevsamtalar der det blir skrive referat.

Elevane får skriftlege og munnlege tilbakemeldingar i dei aktuelle faga undervegs i opplæringa. I tillegg har skulen laga eit system for jamleg eigenvurdering.

Skulen har laga ny mal for vekeplan i samband med tilsynet, der elevane skal gjere ei eigenvurdering opp mot læringsmåla for veka. Ein gjennomgang av vekeplanane syner at

den eine klassen manglar læringsmål for mat og helse, vidare at læringsmåla for dei to andre klassane ikkje korresponderer med det oppsette kompetansemålet i fagplanen.

Har skulen implementert rutine som sikrar at det i halvårsvurderinga vert gjeve informasjon om elevens kompetanse i faga og rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin?

- Skulen har årshjul for gjennomføring av halvårsvurdering i fag. Skulen har og mal for kva kunnskapsgrunnlag og tema som skal opp i samtalen.
- I malen for halvårsvurdering i fag går det fram at læraren skal gjere tydeleg for eleven kva som er målet for opplæringa, kor eleven er i arbeidet på veg mot målet og kva eleven må arbeide vidare med for å kome vidare.

Har skulen implementert rutine som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av elevens utvikling ut frå måla i IOP-en?

- I skulen sine rutinar går det fram at kontaktlærar og spesialpedagog har ansvar for å levere inn årsrapport til leiinga innan juni månad. Leiinga godkjenner årsrapporten og signerer på dokumentet.
- Skulen nyttar dataverktøyet VOKAL for å systematisere, arkivere og sikre informasjonsflyten i organisasjonen knytt til alle elevane ved skulen.
- Det vert lagt stor vekt på å lage konkrete målsettingar i IOP-ane til elevar med spesialundervisning. Leiinga er aktivt inne som rådgjevarar i dette arbeidet, samstundes som leiinga er tett kopla til kartleggingsarbeidet ved skulen. Dette forholdet vart stadfesta i intervju med leiinga og dei tilsette.

Kommunens tilbakemelding etter førebels rapport

Kommunen skriv i brev datert 28.02.2014:

«Etter at vi mottok den førebelse tilsynsrapporten har vi lage ein plan for korleis det skal arbeidast med faget utover vårsemesteret. Det blir avsett tid til at lærarane kan skriftleggjere kriterier for høg og middels måloppnåing i faga. Det har vore gode drøftingar kring kompetansemåla. Det er sett ned ei ressursgruppe med lærarar frå Flora ungdomsskule som underviser i mat og helse på 9.årssteget for at vi skal kunne ha drøftingar om utvikling av vurderingskriterier. Lærarane som har ansvar for undervisninga på 6.trinnet lagar no felles undervisningsopplegg som skal gjennomførast i dei 3 klassane som har mat og helse. Det skal lagast eigenvurderingsskjema til kvart undervisningsopplegg. Alt materiale som vert utvikla skal saman med årsplanen leggst i ein digital ressurs. Det vert organisert overføringsmøte mellom læraranes om har undervist i faget skuleåret 2014-15 og dei som skal undervise neste skuleår. Dette for at vi skal sikre vidare progresjon i arbeidet.»

Fylkesmannens vurdering

Under dette kontrollspørsmålet peika vi spesielt på at elevane ikkje vart vurdert opp mot kompetansemåla i læreplanen i faget mat og helse.

Kompetansemåla må vere formulert så presist og konkret som råd er og vere på eit språk som elevane forstår. Vidare skal dei vere knytt til konkrete oppgåver eller det innhaldet elevane skal arbeide med, og seie noko om korleis eleven meistrar dette. Læringsmåla kan vere avgrensa til ei bestemt undervisningsøkt, eit prosjekt, eit tema eller ein periode. Kjenneteikn på måloppnåing kan utviklast på eitt eller fleire nivå. Den einskilde lærar vel sjølv om elevane skal presenterast for eitt eller fleire nivå, alt etter kompleksiteten i kompetasen.

Når det gjeld vurdering i faget mat og helse, har ein over mange år lagt like mykje vekt på kva elevane gjer (prosessen) som kva elevane kan (faglege kompetansen). Det er difor viktig å underskreke at for vurdering i mat og helse er, som for alle andre fag, kompetansemåla i faget. Elevens samarbeidsevne, faglege interesse, sjølvstende, initiativ og innsats skal såleis ikkje vere ein del av vurderingskriteria i faget. Det er heller ikkje høve til å trekke inn orden og åtferd i vurderinga av kompetansen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-3. For faget mat og helse er det eitt unntak på fjerde årstrinnet der eitt av kompetansemåla under temaet mat og kultur inneheld element av oppførsel: *«gjere sitt til trivsel i samband med måltida.»* Her vil eleven si åtferd under måltidet utgjere ein del av vurderingsgrunnlaget.

I skulen si tilbakemelding etter førebels rapport går det fram at ein i desember 2014 kom i gang med å skriftleggjere kriterier for høg og middels måloppnåing i faget. Det har også vore drøftingar kring kompetansemåla. Lærarane som underviser i faget mat og helse på 6.årstrinnet, utarbeider no felles undervisningsopplegg for dei tre klassane i dette faget. Det er lagt opp til at det skal utarbeidast eigenvurderingsskjema til kvart undervisningsopplegg.

I skulen si tilbakemelding går det fram at ein har etablert samarbeid med Flora ungdomsskule når det gjeld faget mat og helse, samarbeidet gjeld særleg utvikling av vurderingskriterier.

4.4 Fylkesmannens konklusjon

Skulen har sett i verk fleire tiltak etter førebels rapport i forhold til faget mat og helse. Vi meiner at skulens arbeid med undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte imøtekjem dei aktuelle lovkrava.

5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

5.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulens arbeid med undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skulen må ha ein implementert rutine som sikrar at lærarane systematisk vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Læraren skal, som ein del av undervegsvurderinga, vurdere om den enkelte eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Skulen må ha ein innarbeidd og skriftleg framgangsmåte for systematisk å vurdere om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skulens rutine må for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, sikre at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø knytte til den enkelte eleven blir vurdert, og skulen må vurdere og eventuelt gjennomføre tiltak innafor tilpassa opplæring.

Alle elevar har krav på tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-3. Dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skulen først vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innafor det ordinære opplæringstilbodet, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må sjå på om tiltak knytte til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø kan medverke til at eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Framgangsmåten for dette må vere skriftleggjord og innarbeidd. Dette skal skulen gjere før eleven eventuelt får tilvising til PPT for ei sakkunnig vurdering med tanke på spesialundervisning.

Skulen må ha ein implementert rutine for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

I nokre tilfelle vil skulens vurdering og eventuelle utprøving av tiltak etter opplæringslova § 5-4 konkludere med at eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa innafor det ordinære opplæringstilbodet. Eleven har da krav på spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Det er viktig at prosessen for å kunne gje spesialundervisning blir starta så snart som mogleg etter at behovet for dette er avdekt.

Undervisningspersonalet har derfor både plikt til å vurdere om ein elev treng spesialundervisning og å melde frå til rektor når det er behov for det, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må ha ein skriftleg og innarbeidd framgangsmåte for å vurdere og melde behov for spesialundervisning.

5.2 Fylkesmannens undersøkingar

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på innsendt skriftleg dokumentasjon, eigenvurderingar og opplysningar gitt i intervju av rektor og lærarar på 6. årstrinnet i faga: matematikk, mat og helse, og religion og livssyn og etikk.

5.3 Fylkesmannens vurderingar

Har skulen ein implementert rutine som sikrar at lærarane systematisk vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa?

- Florø barneskole har ein kartleggingsplan som systematiserer kartleggingsarbeidet som gjeld alle elevane ved skulen. Planen inneheld eit årshjul for obligatoriske kartleggingar på alle trinn, vidare går det fram korleis skulen skal følgje opp kartleggingsresultata. Alle resultat skal leggst inn i VOKAL.

- Skulen har ein fast mal for halvårsvurdering i fag der det m.a. skal vurderast kvar eleven er i arbeider med kompetansemåla i faget.
- Skulen har mal for samtaleskjema som skal fyllast ut av elev og føresett i forkant av elevsamtalen. Har skal dei m.a. vurdere forhold rundt vekeplanen, leksegjeringa og eleven sin læringssituasjon i klasserommet.
- Skulen har ei skriftleg rutine for oppfølging av elevar med lite eller ikkje tilfredstillande utbytte av opplæringa der det går fram at kontaktlærer i nokre tilfelle skal gjennomføre individuell kartlegging av elevar. Det går fram av rutinen at læraren har ei meldeplikt til leiinga utover dei ordinære møtepunkta dersom det vert vurdert at ein elev ikkje har tilfredstillande utbytte av opplæringa.

Har skulen ein rutine som for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, sikre at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø knytte til den enkelte eleven blir vurdert, og at skulen vurderer og eventuelt gjennomføre tiltak innafor tilpassa opplæring?

- Det går fram av skulen sin kartleggingsplan at kontaktlærer skal fylle ut pedagogisk rapport som grunnlag for tilmelding til PPT. Rapporten skal omtale eleven sin måloppnåing i fag, kartleggingsresultat og tiltak som er prøvd ut innanfor ordinær opplæring.
- Skulen har årlege samtalar mellom to-pedagog para og leiinga. Før samtalen må lærarane legge kartleggingsresultata inn i VOKAL, analysere resultata og kva tiltak som vil vere aktuelle for å styrke elevane sine grunnleggjande ferdigheiter. Det er vidare dokumentert i referat frå parsamtalen at elevane sitt læringsutbytte blir vurdert på klasse og individnivå, vidare kva tiltak som skal settast i verk.
- Det er og dokumentert at leiinga gjennomfører teamsamtaler med trinnet der tema for samtalen er kartleggingsresultat og anna informasjon om fagleg utvikling hos elevane.
- I teamleiar sin instruks går det fram at teamleiar skal følgje opp kartleggingsresultat på trinnet slik at dei rette elevane får tilbod om lese-skrive-reknegrupper.
- Det er dokumentert at elevar på bakgrunn av kartleggingsresultat har fått tilbod om oppfølging i eigne lesegrupper i norsk.

Har skulen ein implementert rutine for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor?

- I kontaktlærer sin instruks går det fram at han skal syte for at kartleggingsplanen til skulen blir følgt og er pliktig å melde frå til leiinga dersom det er elevar som ikkje har utbytte av den ordinære opplæringa.
- Skulen har ein eigen rutine som er kalla *Prosedyre knytt til nye elevar som skal vurderast for spesialundervisning*.

5.4 Fylkesmannens konklusjon

Når det gjeld kontrollspørsmåla om undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning, imøtekjem skulen dei aktuelle lovkrava.

6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring

6.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulens arbeid med å vurdere behov for særskild språkopplæring. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skulen må ha ein implementert rutine for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk. For elevar med behov for særskild norskopplæring må rutinen sikre at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Elevar i grunnopplæringa med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følgje den ordinære opplæringa på skulen, jf. opplæringslova [§ 2-8 eller § 3-12]. Om nødvendig har elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Kommunen har ansvaret for at kartlegginga av norskferdigheitene til eleven blir gjort før vedtaket om særskild språkopplæring. I dei fleste tilfella er det skulen som gjennomfører kartlegginga. Skulen må òg vurdere om eleven eventuelt har behov for morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skulen må ha ein innarbeidd og skriftleg framgangsmåte som sikrar dette.

Elevar med enkeltvedtak om særskild språkopplæring skal få kartlagt sine norskferdigheiter undervegs i opplæringa.

Skulen skal òg kartleggje eleven undervegs i opplæringa når eleven får særskild språkopplæring, jf. opplæringslova [§ 2-8 eller § 3-12]. Dette for å vurdere om eleven har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følgje den vanlege opplæringa på skulen. Skulen må gjere ei individuell vurdering av tidspunktet for dette.

6.2 Fylkesmannens undersøkingar

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på innsendt skriftleg dokumentasjon, eigenvurderingar og opplysningar gitt i intervju av rektor og lærarar på 6. årstrinnet i faga: matematikk, mat og helse, og religion og livssyn og etikk.

6.3 Fylkesmannens vurderingar

Har skulen ein implementert rutine for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk og for elevar med behov for særskild norskopplæring må rutinen sikre at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring?

- Skulen har ei skriftleg rutine for kartlegging av elevar som kontaktlærer vurderer for særskilt språkopplæring. Rutinen klargjer at læraren i særskilt språkopplæring

i løpet av mai skal samanfatte arbeidet som er gjort og korleis eleven har utvikla seg. Pedagogen som har gjennomført språkopplæringa skal vurdere om den tilrår vidare språkopplæring/morsmålsopplæring/fagopplæring på morsmål for eleven.

- Skulen har ei eige rutine som syner saksgangen for å fatte enkeltvedtak om særskilt språkopplæring.
- I samband med tilsynet har skulen levert inn tre enkeltvedtak og eit førehandsvarsel om særskilt språkopplæring etter opplæringslova § 2-8. Som førebuing til vedtaka går det fram at skulen har kartlagt og vurdert fleire sider av eleven sin språkkompetanse.

Får elevar med enkeltvedtak om særskild språkopplæring kartlagt sine norskferdigheiter undervegs i opplæringa?

- Rutinen for kartlegging av elevar som kontaktlærer vurderer for særskilt språkopplæring klargjer at elevar med rett til særskilt språkopplæring følgje ordinær kartleggingsplan så lagt så råd er. Denne rutinen vart stadfesta i intervju.

6.4 Fylkesmannens konklusjon

Når det gjeld kontrollspørsmåla som gjeld behov for særskild språkopplæring, imøtekjem skulen dei aktuelle lovkrava.

7. Endeleg rapport

Tilsynet er med dette avslutta.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 09.02.2015

Lill Mona Solberg
tilsynsleiar

Frans Jacob Krebs

Helge Pedersen

Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

NR.	Dokument	Dokumentdato
1	Oversendingsbrev	29.09.2014
2	Spørjeskjema for elevane - oppsummering	
3	Eigenvurdering - lærargruppa Florø barneskule 6A	
4	Eigenvurdering - lærargruppa Florø barneskule 6B	
5	Eigenvurdering – leiinga ved Florø barneskule	
6	Årsplan i matematikk for 6b 2014-2015	
7	Årsplan i matematikk for 6. trinn 2014-2015	
8	Årsplan i mat og helse for 6A, 6B og 6C 2014-2015, halvårsplan haust 2014	
9	Halvårsplan våren 2014 (mat og helse)	
10	Årsplan i RLE ved Florø barneskule 2014-2015, 6. klassetrinn.	
11	Eigenvurdering i mat og helse	
12	Læringsmål/elevane skal lære om/vekeplan for 6C veke 38	
13	Læringsmål/elevane skal lære om/vekeplan for 6C veke 37	
14	Organisasjonskart Florø barneskule	
15	Oppgåvefordeling i leiinga	
16	Sjekkliste for kontaktlærarar	
17	Å vere team/trinnleiar ved Florø barneskule	
18	Florø barneskule, utfordringar, mål og handling	
19	Ordensreglar for Florø barneskule	
20	Fag og timefordeling ved Florø barneskule	
21	Prosedyre fag og timefordeling	
22	Mal for vekeplan	
23	Mal for lokal fagplan/årsplan	
24	Kartleggingsplan, Florø barneskule	
25	Innkalling til samtale mellom lærarpar og skuleleiinga	08.09.2014
26	Samtale mellom lærarpar og leiinga, referat	
27	Læringssamtale 6a	11.11.2013
28	Læringssamtale	04.11.2013
29	Invitasjon til teamsamtale 1. klasse trinnet	
30	Døme på tilbagemelding til foreldre etter kartleggingsprøve skuleåret 2013-2014	
31	Program for dialogmøte med Guri og Bente. Møtedato:	

	14.10.2014	
32	Rapport om kvalitetsarbeid ved Florø barneskule, 2013	
33	Referat del 1 av dialogmøte mellom Florø barneskule og skulefagleg leiing 14.11.2013	
34	Tilbakemeldingsnotat etterlogg	
35	Trivselsundersøking	
36	Florø barneskule – refleksjonsnotat knytt til utviklingstiltak tilbakemeldingskvalitet	14.01.2014
37	Kjenneteikn på den gode timen, per klassesteg	
	Ettersendt dokumentasjon	17.11.2014
38	Lekseplan for veke 47 for 1., 5., 6 . klasse.	
39	Parsamtalen 2014. Gjennomførast ved Florø barneskule i november og desember etter oppsett plan.	
40	Innkalling til plangruppemøte 03.11.2011, Innkalling til plangruppemøte 17.09.2012, Innkalling til plangruppemøte 26.09.2013, innkalling til plangruppemøte 07.11.2013, Innkalling til plangruppemøte 16.01.2014, Innkalling til plangruppemøte 18.09. Med referat og enkelte saksvedlegg.	
41	Referat frå parsamtale 05.11.2014	
	Ettersendt dokumentasjon	28.01.2015
42	Oversendingsbrev	20.01.2015
43	Rekning som grunnleggande ferdigheit – tidsplan for arbeid, vedlegg.	
44	Rekning som grunnleggande ferdigheit i alle fag 1.-4. trinn og 5.-7. trinn, vedlegg.	
45	Kompetansemål i matematikk 2. årssteg med vurderingskriterier for høg måloppnåing 1. og 2. årssteg, vedlegg.	
46	Plan for lokalt arbeid med læreplan i mat og helse for perioden 18.12.2014 – 03.06.2015	
47	Matrise med kompetansemål og kriterier for middels (ikkje ferdigstilt) - og høg måloppnåing.	
48	Innkalling til møte om faget mat og helse – erfaringsutveksling og drøfting kring vurderingskriterier i faget.	20.01.2015
49	Mat og helse – undervisningsopplegg for veke 2 og 3	
50	Mat og helse – undervisningsopplegg for veke 6	

Det vart gjennomført videointervju 29.10.2014 og sluttmøte 23.01.2015.

Stilling	Namn	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Kommunalsjef kultur og oppvekst	Guri Langaas	x		
Skulefagleg rådgjevar	Bente Forfang	x		x
Rektor	Øyvind Knapstad	x	x	x
Ass. Rektor/inspektør	Marianne Nødset	x	x	x
Lærer	Anne Liv Lothe	x	x	
Lærer	Wenche Iren Brandsøy	x	x	
Lærer	Bodil Midtbø	x	x	
Lærer	Nora Terese Eikevik		x	
Leiar PPT	Bjørn Valvik			x
Oppvekstfagleg rådgjevar	Tone Aasrud			x



FYLKESMANNEN

I SOGN OG FJORDANE

FØREBELS TILSYNSRAPPORT

Skulebasert vurdering

Flora kommune – Torvmyrane skule

Sak 2014/2831

Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	4
2. Om tilsynet med Flora kommune – Torvmyrane skule	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular.....	4
2.2 Tema for tilsyn	4
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	5
3. Skulebasert vurdering	5
3.1 Rettsleg krav	5
3.2 Fylkesmannens undersøkingar	6
3.3 Fylkesmannens vurderingar.....	7
3.4 Fylkesmannens konklusjon.....	10
4. Endeleg rapport.....	11
Tilsynet er med dette avslutta.....	11
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget.....	12

Samandrag

Tema og formål

Temaet for tilsynet er skulebasert vurdering. Skulebasert vurdering er skulens jamlege vurdering av eiga verksemd og måloppnåing. Vurdering av eiga verksemd inneber at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

Gjennomføring

Tilsyn med Flora kommune vart opna gjennom brev 07.07.2014. Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon, sjå vedlegg.

Avdekte lovbrøt

Når det gjeld kontrollspørsmåla som gjeld skulebasert vurdering, imøtekjem Torvmyrane skule dei aktuelle lovkrava. Det vart såleis ikkje avdekt lovbrøt.

Status på rapporten og vegen vidare

Tilsynet med skulebasert vurdering ved Torvmyrane skule i Flora kommune er med dette avslutta.

1. Innleiing

Fylkesmannen opna 07.07.2014 tilsyn med skulebasert vurdering ved Torvmyrane skule i Flora kommune.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 handlar om skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og består av tre område for tilsyn: Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, forvaltningskompetanse og skulebasert vurdering (som denne rapporten handlar om). Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell¹ knytt til tilsynet, og Fylkesmannen har gjennomført informasjons- og rettleiingssamlingar.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne tilsynsrapporten.

Tilsynet har ikkje avdekt lovbrøt. Tilsynet blir avslutta med denne rapporten.

2. Om tilsynet med Flora kommune – Torvmyrane skule

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som offentlig skuleeigar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannens tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannens tilsyn med offentlege skular er utøving av myndigheit og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som lovbrøt, uavhengig av om det er barnehagelova eller forskrifter fastsett i medhald av denne lova som er brotne.

2.2 Tema for tilsyn

Temaet for tilsynet er skulebasert vurdering. Skulebasert vurdering er skulens jamlege vurdering av eiga verksemd og måloppnåing. Vurdering av eiga verksemd inneber at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

Elevvurdering, skulebasert vurdering og nasjonal vurdering skal ein sjå i samanheng. Dei ulike formene for vurdering skal samla sett utfylle kvarandre og medverke til at den enkelte eleven blir motivert til å ta i bruk sine evner og anlegg, og at dei nasjonale måla for opplæringa styrer arbeidet i skulen (Stortingsmelding 47 1995-1996). Det overordna formålet med tilsynet er at skulebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit godt utbytte av opplæringa.

Tilsynet skal medverke til at kommunen som skuleeigar syter for at skulen ved skulebasert vurdering

- har gode kjelder og relevant informasjon om elevane si måloppnåing

¹ <http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/Tilsyn/Rettleiingsmateriell-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/>

- avdekkjer årsaka til manglande måloppnåing og gjennomfører endringar
- sikrar ein brei medverknad i gjennomføringa
- gjennomfører vurderinga jamleg

Manglande eller mangelfull gjennomføring av skulebasert vurdering kan føre til at skulen ikkje har god kunnskap om måloppnåing, og kva som eventuelt er årsaka til at måla ikkje blir nådde. Dette kan igjen føre til at skulen ikkje gjer noko med lite tilfredsstillande organisering, tilrettelegging eller gjennomføring av opplæringa. Elevane får dermed ikkje det utbyttet av opplæringa som dei elles kunne fått.

2.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Flora kommune vart opna gjennom brev 07.07.2014. Fylkesmannen har kravd at kommunen legg fram dokumentasjon med heimel i kommunelova § 60 c.

Krav om dokumentasjon:

- eigenvurderingsskjema frå leiinga ved skulen
- eigenvurderingsskjema frå lærarane 1.-4. og 5.-7. klasse
- skuleinterene dokument som støtta opp under konklusjonane i eigenvurderingsskjemaet
- anna dokumentasjon, t.d. siste års rapportar eller resultat av skulebasert vurdering.

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon, sjå vedlegg.

3. Skulebasert vurdering

3.1 Rettsleg krav

Nedanfor har vi opplyst om og utdjupa dei rettslege krava for tilsynet med skulebasert vurdering. Alle dei rettslege krava byggjer på forskrift til opplæringslova § 2-1.

Skulen skal vurdere kva for kunnskapsgrunnlag som gjev relevant informasjon om alle elevgruppene når måla i læreplanen, og bruke grunnlaget til å vurdere om dei når måla.

Skulen skal jamleg vurdere om organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa medverkar til at elevane når måla i Læreplanverket for Kunnskapsløftet, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. For at skulen skal kunne vurdere om elevane når måla, må dei etablere eit kunnskapsgrunnlag. Skulen må vurdere kva for grunnlag som gjev eit godt bilete av om alle elevgruppene når måla. I tillegg til eigne kjelder og undersøkingar er Elevundersøkinga, nasjonale prøver og eksamensresultat aktuelle kjelder. Når skulen har fått eit kunnskapsgrunnlag, må dei bruke dette til å vurdere i kva grad elevane når måla for opplæringa. Skulen kan til dømes samanlikne måloppnåing med tidlegare målingar for skulen, andre skular og gjennomsnittleg nivå kommunalt og nasjonalt. Dette kan gje skulen eit grunnlag til å reflektere over i kor stor grad elevane har nådd måla, og om det er behov for endringar.

Skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa basert på konklusjonen om måloppnåing.

Den skulebaserte vurderinga skal gje skulen informasjon om deira arbeid og organisering medverkar til at elevane når måla i læreplanverket. Dersom skulen konkluderer med at måloppnåinga ikkje er god nok, må skulen vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa. Vurderinga skal identifisere kva for endringar som best kan auke måloppnåinga for elevane.

Skulen skal setje i verk endring dersom det er behov for det.

Formålet med den skulebaserte vurderinga er å auke måloppnåinga på skulen. Når skulen gjennom vurderinga avdekkjer manglar og forbetringsområde, må han syte for å setje i verk endringar på dei områda som effektivt kan auke måloppnåinga.

Skulen skal ha ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering.

Skulen må involvere dei partane det gjeld både i analysen og i arbeidet med konklusjonen. Det er særleg viktig å involvere lærarane. Lærarar gjennomfører opplæringa og er dei som har best kunnskap om den opplæringa skulen gjev. For å kunne vurdere årsaka til ei eventuelt utilstrekkeleg måloppnåing, er synspunkta frå lærarane nødvendige. Skulen kan òg involvere elevane i arbeidet med skulebasert vurdering. Skulen vurderer elles kven som skal delta ut frå dei tema som blir tekne opp.

Skulen skal ha ein rutine for når den skulebaserte vurderinga skal gjennomførast, og som samsvarer med andre rettskrav knytte til gjennomføringa (kunnskapsgrunnlag, måloppnåing, relevans, vurdering av verksemda, iverksetjing av endring og medverknad).

Den skulebaserte vurderinga må planleggjast og utførast systematisk. Skulen må gjennomføre skulebasert vurdering jamleg, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. For å sikre at dette blir teke vare på, må skulen ha ein skriftlig framgangsmåte som viser når den skulebaserte vurderinga skal gå føre seg. I utgangspunktet skal vurderinga gjennomførast årleg, men ein må bruke skjønn der tidsbruken blir vurdert opp mot det forsvarlege.

Skulen må òg ha ein skriftleg framgangsmåte som gjev føringar for korleis dei skal ta vare på dei andre rettskrava knytte til gjennomføringa.

3.2 Fylkesmannens undersøkingar

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på innsendt skriftleg dokumentasjon, eigenvurderingar og opplysningar gitt i intervju av rektor, lærarar og spesialpedagogisk koordinator.

3.3 Fylkesmannens vurderingar

Har skulen vurdert kva for kunnskapsgrunnlag som gjev relevant informasjon om alle elevgruppene når måla i læreplanen, og bruker skulen grunnlaget til å vurdere om dei når måla?

Om kunnskapsgrunnlaget

- Flora kommune har laga ein kartleggingsplan som er felles for Floraskulen. Planen er forankra i kommunedelplanen for oppvekstsektoren 2011-2012. Planen viser til forskrift til opplæringslova § 2-1 og kravet til skulebasert vurdering og skuleeigar sitt ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadane. Planen klargjer kva som er obligatoriske kartleggingar som skal registrerast i VOKAL², kva som er valfrie kartleggingar og kva som er supplement for enkeltelevar.
- Torvmyrane skule har delt opp kunnskapsgrunnlaget sitt i kvantitativ informasjon og kvalitativ informasjon.
- *Den kvantitative* informasjonen inneheld totalt elleve datakjelder; Nasjonale prøver, nasjonale kartleggingsprøver, LeseUtviklingsSkjema, Carlsten-prøver, M-prøver, Multi (matematikkverk), ordkjedeprøver, regelbundne kompetansemålprøver, Utdanningsdirektoratet sitt kartleggingsmateriell Språkkompetanse i grunnleggande norsk, Elevundersøkinga, ulike standardiserte psykologiske testar og evnetestar før/etter oppmelding til PPT.
- *Den kvalitative informasjonen* baserer seg på data som gjensidig tilbakemelding i opplæringssituasjonen frå elev til lærar og assistent, tilbakemelding mellom foreldre og lærarar om læring og måloppnåing, elevsamtalar med eigenvurdering, observasjon av eleven i samspel leik og læring, pedagogisk rapport og sakkunnige vurderingar.

Om bruk av kunnskapsgrunnlaget

- I kommunen sitt handlingsprogram for 2015³ går det fram at Flora bystyre vil at tidleg innsats skal sikrast gjennom å ha samanhengande tiltak frå barnehage og gjennom grunnskuletida. Arbeidet med vurdering for læring er eitt uttalt innsatsområde i denne samanhengen. Vidare er det eit mål å ta i bruk nytt administrativt fagsystem for skule- og barnehagesektoren.
- Kommunedelplan for oppvekstsektoren i 2011-2020 inneheld eit årshjul for arbeidet med kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i grunnskulane i Flora kommune. I januar har rektorane ansvar for å systematisere aktuell informasjon og aktuelle data som gjeld eigen skule. Det er laga ein mal som skal brukast i arbeidet med eit vurderingsnotat. Kunnskapsgrunnlaget som skal leggst til grunn er m.a. nasjonale prøver, Elevundersøkinga, kartleggingsprøver, status sjekklister § 13-10, resultatoppnåing jf. handlingsprogram m.v. Vurderinga inngår som grunnlag for rådmannen sitt dialogmøte med skulane og for arbeidet med den årlege tilstandsrapporten til kommunen. Det går fram av same årshjul at rådmann

² Eit nettbasert system som samlar og samordnar vurdering og kartlegging, slik at læraren kan gje tilpassa undervisning og betre oppfølging av den enkelte elev.

³ Handlingsprogrammet er forankra i kommunedelplan for oppvekstsektoren 2011-2020.

og rektorar i juni har ansvar for å oppdatere sjekkliste knytt til lov og føresegner, jf. § 13-10.

- I Torvmyrane skule sin årsrapport for 2013 går det fram at tal frå Elevundersøkinga 2013 gav høgare utslag på spørsmålet om mobbing enn forventa (Torvmyrane: 1,7, fylket: 1,3, landet 1,3). Det vert og forklart at skulen arbeider systematisk og kontinuerleg med det førebyggjande arbeidet og at dei har gode prosedyrar for det individretta arbeidet. Arbeidet med elevdemokrati er og vektlagt ved skulen.
- I årsrapporten for 2014 skriv skulen at dei arbeider systematisk med «å få eigarskapen til endringar til å sitte så godt at konsekvensane viser att i det daglege arbeidet i lang tid». Det er eit mål å intensivere arbeidet med elevane sitt læringsmiljø gjennom både det førebyggjande og individretta arbeidet, og arbeidet med brukarmedverknad. Skulen skal og får opplæring i og bruke VOKAL.
- I skulen sin årsrapport for 2015 går det fram at skulen framleis vil intensivere arbeidet med læringsmiljøet. Tiltak skulen vil sette i verk er m.a. å bruke aldersblanda grupper jamleg i opplæringa for å fremje læring av sosial kompetanse og fagmål. Skulen skriv og at dei skal gjennomføre «Systematisk oppfølging av både målbare og observerbare indikasjonar på måloppnåing når det gjeld fagmål og mål frå generell del av LK06. Forankre VOKAL og innføre kommunal plan for kartlegging. Intensivere arbeidet med vurdering for læring og utarbeide gode rutinar for overgangar frå innføringsklassar til vanleg klasse med oppfølging».
- Skulen nyttar data frå pålogga versjon av Skoleporten.

Vurderer skulen organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa basert på konklusjonen om måloppnåing?

- Skulen har møteplan for månadlege teamsamtalar 2014-2015. Faste tema på temmøta er organisering og samarbeid i klassen, elevar og læring (fagleg og sosialt) og utviklingsarbeid. Særskilde tema som skal opp er oppstart, spes.ped, VOKAL og kartlegging, Elevundersøkinga 5-7, evaluering og framovermelding.
- Skulen har sendt inn tre referat frå teamsamtalar gjennomført skuleåret 2013-2014. Det går fram av referata at organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa er tema i møta.
- I skulen sin møteplan for skuleåret 2013-2014 går det fram at kartleggingsrutinane i klassane og konsekvensar ved endring i læreplanar i fag har vore tema i oktober. Organisering av læreplanar og opplæring i Norsk 2 vs Norsk 1 var tema i november. Same månad var skulen sitt kartleggingssystem tema. Tilsette måtte førebu seg til møte ved å gå inn i VOKAL og sjå på deira trinn sine kartleggingsmodular. Bruk av resultata var tema i denne samanhengen. I desember evaluerte skulen aktiviteten hausten 2013 gjennom stikkorda; kva har fungert ?, kva kan vi endre ? og kva skal vi ta vidare?. I februar 2014 var læringsresultat og oppfølgingsstrategi i samband med nasjonale prøver og anna kartlegging tema. I mars var resultat av Elevundersøkinga oppe til diskusjon. I mai same år var mobbing på Torvmyrane skule tema og revisjon av læreplanane tema på fleire møte. Aldersblanda undervisning var og tematisert.

- Torvmyrane skule gjennomførte ei sjølvevaluering i oktober 2010. Her går det fram at personalet meiner det er behov for å arbeide meir med læringsstrategiar. I fagplan for elevar i 6. klasse veke 34-40 2014 står det m.a. i faget norsk at eleven skal kunne bruke ulike læringsstrategiar ved lesing av nye tekstar. Læringsstrategiane elevane skal kunne er Bison-overblikk, VØL-skjema, Nøkkelord og Tankekart. Læringsstrategiar er og sett opp som tema for elev og foreldresamtalen i 6. klasse hausten 2014.
- I referat frå onsdagsmøte på skulen 05.02.2014 vert det vist til eit komande fagmøte på Flora ungdomsskule 12.02.2014. Som ei førebuing til fagmøtet diskuterer dei tilsette resultat frå nasjonale prøver i lesing, engelsk og matematikk 2013-2014. I referatet står det. *«Det blei diskutert om ein arbeider på eit for lavt nivå, slik at elevane ikkje har den kompetansen dei bør ha når dei møter dei nasjonale prøvane. Det kom forslag om at ein set seg saman, for å leggje ein mal på kva elevane bør kunne, når dei startar på mellomtrinnet. Er det nok kompetanse? Nok timetal? Det er skifte av lærarar og kva legg dei ulike vekt på. Det er ikkje greitt at kvar einskild lærar avgjer kva som er viktig å legge vekt på.»*
- Eit analysenotat om resultat frå Elevundersøkinga 2013-2014 og nasjonale prøver vart laga som førebuingmateriell til lærarmøte 23.04.2014.
- I referat frå lærarmøte 07.05.2014 går det fram at personalet har arbeidd med problemstillingar rundt mobbing på Torvmyrane skule ved å bruke metoden med ulike tenkehattar⁴, som skal gjere at dei får opp alle sider av saka, også tiltak.

Har skulen sett i verk endring dersom det er behov for det?

- På personalmøte 24.04.2014 var satsingsområda i skulen sin årsplanen tema. Det blir vist til at det var for store utslag på mobbeindikatoren i Elevundersøkinga og at arbeidet med læringsmiljøet ville få ytterlegare fokus frå hausten 2014.
- Ved oppstart av nytt skuleår blei det sett av tid til arbeid med hovudfokuset hausten 2014; læringsmiljø og filosofi og tenking. Tiltak og prioriteringar var en del av dette arbeidet, som gjekk over fleire dagar.
- Skulen har sett i verk aldersblanda fysisk aktivitet tre kvarter måndags morgon i 2014.
- Skulen har laga ein plan for å organisere elevane på tvers av klassane 3. økta kvar torsdag skuleåret 2014-2015. Aktivitetane er knytt til gymnastikk, lesing og skriving, kunst- og handverk, musikk, dans og drama, engelsk og naturfag.
- I eigenvurderinga til leiinga går det fram at tiltak som kan bli sett i verk på bakgrunn av skulebasert vurdering er omorganisering av ressursar innanfor klasseteamet, tilpassa opplæring gjennom læreverk og arbeidsplanar, lesekurs eller opplæring i mindre grupper, RELEMO eller andre pedagogiske drillprogram eller omfordeling av personalet innanfor organisasjonen. Leiinga legg til at skulen kan ha nytte av tydelegare systematikk i handtering av låg måloppnåing, ein noko meir hardhendt styring av ressursar gjennom skuleåret, særleg omdisponering av personalet mellom ulike klassar og til ulike føremål.

⁴ «Dei seks tenkehattane» er eit verkty som tek utgangspunkt i arbeidet til Edward de Bono og skal vere til hjelp når ein ønskjer å vurdere eigne problemstillingar frå fleire sider.

Har skulen ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering?

- Leiinga skriv i samband med eigenvurderinga at alle tilsette deltek i prosessane gjennom t.d. klasse team, lærarmøte med leiinga, møte på hovudsteget, teamsamtale med leiinga, personalmøte, medarbeidersamtale, kollegagrupper, spesialpedagogisk team, planleggingsdagar, leiarmøte og møte i brukarutval. Dette går og fram av lærarane sine eigenvurderingar og ulike møtereferat.

Har skulen ein rutine for når den skulebaserte vurderinga skal gjennomførast, og som samsvarer med andre rettskrav knytte til gjennomføringa (kunnskapsgrunnlag, måloppnåing, relevans, vurdering av verksemda, iverksetjing av endring og medverknad)?

- Kommunedelplan for oppvekstsektoren i 2011-2020 inneheld eit årshjul for arbeidet med kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i grunnskulane i Flora kommune. I januar har rektorane ansvar for å systematisere aktuell informasjon og aktuelle data som gjeld eigen skule. Det er laga eigen mal som skal brukast i arbeidet med eit vurderingsnotat. Kunnskapsgrunnlaget som skal leggjast til grunn er m.a. nasjonale prøver, Elevundersøkinga, kartleggingsprøver, status sjekkliste § 13-10, resultatoppnåing jf. handlingsprogram m.v. Vurderinga inngår som grunnlag for rådmannen sitt dialogmøte med skulane og for arbeidet med den årlege tilstandsrapporten til kommunen. Det går fram av same årshjul at rådmann og rektorar i juni har ansvar for å oppdatere sjekkliste knytt til lov og føresegner, jf. § 13-10.
- I skulen sin kartleggingsplan går det fram at skulen jamleg skal vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Det går og fram at skulen må kartlegge etter eit gjeve oppsett, analysere resultatane, finne relevante tiltak, rapportere til leiinga og evaluere eigen praksis. Det er klarlagt at det er leiinga på skulen sitt ansvar å få inn kartleggingsresultat frå lærarane, analysere resultatet i lag med lærarane og ev. setje i verk adekvate tiltak. Rektor skal syte for at læringsresultat blir gjort tilgjengeleg for rådmannen. Rådmannen lagar kvart år ein tilstandsrapport som blir behandla politisk og bidreg med støtte til aktuelle utviklings- og kompetansetiltak.

3.4 Fylkesmannens konklusjon

Skulebasert vurdering er den jamlege vurderinga skulen gjer av si eiga verksemd og måloppnåing.

Vi finn at skulen på ein systematisk måte vurderer i kva grad elevane når både kompetansemål og individuelle mål (IOP) og set i verk aktuelle tiltak. Skulen vurderer eigen praksis årleg som ein del av kommunen sitt kvalitetssystem. Skulen nyttar strategiar som t.d. *thinking hats* og *thinking maps* i arbeidet med resultatane frå analysen. Resultata vert og følgt opp med konkrete tiltak, m.a. gjennom årleg verksemdsplan for skulen. Vi ser også at aktuelle tiltak er gjennomgåande og går att i ulike dokument. Det kjem også fram i dokument og gjennom eigenvurderingar at personalet ved skulen er involvert i prosessar der ein vurderer både resultat og tiltak.

Når det gjeld kontrollspørsmåla om skulebasert vurdering, imøtekjem Torvmyrane skule dei aktuelle lovkrava.

4. Endeleg rapport

Tilsynet er med dette avslutta.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 18.12.2014

Lill Mona Solberg
tilsynsleiar

Frans Jacob Krebs

Helge Pedersen

Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

Nr.	Dokument	Dato
1	Eigenerklæring leiinga	
2	Skuleleiinga si utgreiing – supplement	
3	Kommunedelplan for oppvekstsektoren 2011-2020	
4	Kartlegging i Flora-skulane	
5	Mal- pedagogisk rapport for grunnskulen	
6	Årsrapport Torvmyrane skule 2013	
7	Årsrapport Torvmyrane 2014	
8	Handlingsprogram 2015, frå Flora bystyre. Basert på kommunedelplan for oppvekstsektoren 2011-2020.	
9	Årsrapport Torvmyrane 2015	
10	Medarbeiderprofil Torvmyrane skule, november 2005	
11	Møteplan Torvmyrane skule 2013-2014	
12	Aktivitetsplan 2014-2015	
13	Teamsamtalar 2014-2015	
14	Torvmyrane skule: felles visjon – sjølvvurdering 29.10.2010	
15	Handlingsplan – feedback, 2010-2011	
16	Referat onsdagsmøte, 05.02.2014	
17	Referat lærarmøte/teammøte v 51	
18	Storskule – teammøte, 14. august, oppstart av skuleåret.	
19	Medarbeidersamtalar haust 2013	
20	Program for planleggingsdagar 13.-15. august 2014	08.08.2014
21	Referat frå teamsamtale 2. klasse, 07.01.2014	
22	Referat frå teamsamtale 1. klasse, 22.09.2014	
23	Innkalling til møte i spes.ped.team, 26.09.2013	
24	Elevundersøkinga 2013-2014, førebuing til lærarmøte 23.04.2014	
25	Referat frå lærarmøte 07.05.2014	
26	Arbeidshefte 1 til planleggingsdagar ved skulestart 15.08.2014 – skule og ASFO. Tema :	

	læringsmiljø	
27	Læringsmiljø: rangerte tiltak etter oppsummering av 10/4 - røysting	
28	Elevreglar	
29	Aldersblanda fysak 2014	
30	Aldersmix 2.-4. klasse 2014-2015	
31	Eigenvurdering lærargruppa 1.-4. klasse	
32	Eigenvurdering lærargruppa 5.-7. klasse	
33	Vekeplan 2. klasse, med mål for opplæringa	
34	Kompetansemål for periode 3, trdje årssteg	
35	Vekeplan 2. klasse, veke 40	
36	Kvalitetane i leseutviklingsskjemaet	16.04.2009
37	Informasjon om innføringsklassen, Torvmyrane skule 2011	
38	Arbeidsplan for 5. klasse, veke 38	
39	Fagmålprøve 5. klasse	
40	Vekeplan for 6. trinn, veke 37 2014	
41	6. klasse Temaperiode 1, veke 34-40, 2014	
42	Velkomen til elevsamtale, 6. klasse, oktober 2012	
43	Velkommen til foreldre/elev-samtale, 6. klasse, haust 2014	

Intranett » Reglement/retningslinjer » Retningslinjer » Etiske retningslinjer

Etiske retningslinjer for Flora kommune

Folkevalde og tilsette blir dagleg utfordra på å ta stilling til etiske dilemma. Desse retningslinjene skal bevisstgjere og oppmode både folkevalde og tilsette til etisk refleksjon. Som forvaltarar av samfunnet sine fellesgode, samt utøving av makt og mynder, blir det stilt høge krav til oss. Retningslinjene skal hjelpe oss med dette.

Alle dei som er leiarar i Flora kommune har gjennom ord og handlingar stor innverknad på det som er bedriftskulturen vår. Det er difor viktig at leiarane fortel og gjennomgår dei etiske retningslinjene og let dette være gjenstand for etisk refleksjon

1. Generelt

Folkevalde, tilsette og tillitsvalde skal arbeide for fellelskapet sitt beste i tråd med lover, reglar, verdigrunnlag og poltiske vedtak. Dette gjer vi på ein måte som gir tillit i befolningen og styrkjer omdømmet vårt. Vi ønskjer å være opne, være redelige, vise respekt og vise mot, viktige kjerneverdiar for Flora kommune.

2. I møte med andre og kvarandre

Vår åtferd og våre haldningar dannar grunnlag for den tillit innbyggjarane gir oss

Vi vil møte brukarar, kollegaer og andre vi kjem i kontakt med gjennom arbeidet vårt, med høflighet og respekt. Samstundes skal vi være opne og tydelege og bidra til å finne gode løysingar. Vi skal opptre på ein måte som ikkje krenkar nokon.

Vi lyttar til innbyggjarane våre sine interesser og ønskjer å sikre likebehandling.

Vi ønskjer å bruk godt skjønn når vi er på på sosiale medier.

3. Open organisasjon

Vi vil at Flora kommune skal være ein open organisasjon. Ytringsfridom og openhet er viktige prinsipp for å sikre innsyn og kontroll med kommunen si verksemd.

4. Ugildskap

a) Unngå konfliktsituasjonar i forhold til ugildskap – føre var

Vi unngår å kome i situasjonar som kan medføre konflikt mellom kommunen sine interesser og egne interesser. Dette gjeld også forhold som ikkje direkte vert ramma av reglane om ugildskap i lovgevinga.

Dersom spesielle personlege interesser likevel kan påvirke avgjerda i ei sak du har fagleg ansvar for, eller for øvrig deltek i saksahndsaminga eller føørebuande sakshandsaming i, skal du ta dette opp med din overordna.

Folkevalgte og tilsette vert oppmoda om å registrere opplysningar om styreverv/ økonomiske interesser i Styrevervregisteret.
(www.styrevervregisteret.no)

Rådmannen si leiargruppe bør ikkje delta aktivt i partipolitisk verksemd.

b) Rutinar ved ugildskap på rådmannsnivå

I dei høve kor rådmannen sjølv er ugild vert vedtak i saka gjort av det næraste kompetente politiske organet. Ordføraren må i slike høve vurdere om saka er av ein slik karakter at saksførebuing av gjerast ved at ein hentar hjelp frå andre kommunar eller fylkeskommunen.

Dersom spesiallovgeving tillegger vedtakskompetansen til ei bestemt stilling, og personen som har denne stillingen er ugild, nemner rådmannen opp ein kompetent stedfortreder for han/henne.

5. Forvaltning av samfunnet sine fellesmidlar, heri kommunen sine ressurser

Vi forvalter fellesskapet sine midlar på vegner av alle innbyggjarane i kommunen. Kommunen sine ressurser må takast vare på på den mest hensiktsmessige og rasjonelle måte.

Vi skal ikkje bruke kommunen sine egedelar privat eller tilegne oss personlege fordelar av kommunen sine ressursar.

6. Integritet og omdømme

a) Moderate former for gjestfridom og representasjon høyrer med i samarbeidsforhold og informasjonsutveksling. Graden av slik merksemd må imidlertid ikkje utviklast slik at den kan påverke avgjerslesprosessar eller kan gje andre sakleg grunn til å tru det.

b) Tilsette sine reise-, opphold og kurskostnader i fagleg samanheng kan bare dekkast av kommunen sjølv, ei annan kommune, staten, KS, fagforening o.l. Reiser og opphold skal i alle høve avklarast med nærmaste overordna i forkant.

Folkevalde orienterer ordførar rutinemessig i forkant om reiser som vert dekt av andre enn kommunen, ein annan kommune, staten, KS, eige politiske parti o.l. Unntak frå dette er kostnadsdekking i samband med oppdrag som naturleg følgjer av vervet. Ordføraren orienterer formannskapet om slike saker. Folkevalde som er i tvil om reiseutgiftene kan dekkast av andre kan få saka lagt fram for formannskapet for avgjerd der.

Ordførar og rådmann kan gjere unntak fra hovedregelen for eige vedkommand, men skal då i etterkant orientere formannskapet om dette.

c) Folkevalde og tilsette skal ikkje akseptere fritidsreiser betalt av bedrifter, organisasjonar o.l. som han/ho på vegner av kommunen har kontakt med.

7. Hindring og førebygging av korrupsjon

a) Gåver kan bevisst eller ubevisst skape ein form for lojalitet, uansett storleike. Vi unngår personlege fordelar som kan påverke saksførebuing eller vedtak eller tenesteproduksjon, eller kan gjr andre sakleg grunn til å tru dette. Dette gjeld alle typer fordelar som gåver,

personlege rabatter og liknande. Dette gjeld likevel ikkje merksemd i form av konfekt, blommar o.l.

b) Ved tilbod om gåver som har eit omfang som går ut over kommunen sine retningslinjer, skal nærmaste overordna kontaktast. Slike gåver vert å returnere til avsenderen saman med eit brev som gjer greie for kommunen sine reglar om dette. Kopi av returbrevet vert å sende Kommunerevisjonen.

c) I alle typar kontakt og nettverksbygging er vi bevisst på grensa mot kameraderi, smøring og korrupsjon og beveger oss ikkje mot denne grensa. Det er difor viktig å ha eit avklart forhold til kva som meinast med å ha "gode relasjonar" til leverandører, forretningspartnarar og beslutningstakarar.

d) Dersom vi får kjennskap til hendingar som er brot på reglane, visir ein mot ved å ta dette opp gjennom dei kanalane vi har for varsling i Flora kommune.

8. Reklame og referansar

Kommunen som organisasjon, folkevalde eller tilsette kan ikkje delta i reklamesamanheng for leverandører som har levert produkt eller tenester til kommunen.

Vi kan opptre som referansar for ein leverandør sine kundar når avtalen om å være referanse er gjort utan at det skal påverke leverandøren sin pris ovenfor Flora kommune.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Arbeidsmiljølova om varsling. Grunnloven om yttingsfrihet.

KS : Rammeverk og sjekkliste for etiske retningslinjer

Etiske retningslinjer må tilpassas og skrives ut for hver enkelt kommune. De vedtas av kommunestyret og følges opp i daglig ledelse og drift. Dette rammeverket kan brukas i revisjon eller utarbeidelse egne etiske retningslinjer.

Når kommunen skal utforme et felles sett av etiske regler er det viktig at disse er:

- enkle å forstå. De bør være så konkrete som mulig, og trekke klare grenser som ikke krever juridisk eller annen spesialkompetanse for å forstå
- relevante for medarbeidernes hverdag med utfordringer og dilemmaer som kan oppstå
- begrenset omfang slik at de er lette å sette seg inn i

DEL 1 – Om etiske retningslinjer (ER)

1. Innledning

- Hva er etiske retningslinjer, hvilke oppgaver har de, og hvem er målgruppa?
ER må forvaltas med klokskap, vi skal fortsatt kunne ha nettverk, forbindelser osv.

- Etikikutvalg, hvis kommunen har det, der formålet er å bistå kommunen i forhold til etiske dilemmaer.
- Sanksjoner for brudd på ER
- Hvordan forholder ansatte og folkevalgte seg til ER. Hvilke forpliktelser følger ved å underskrive osv.

2. Ordene vi bruker: Etikk, moral, kultur og samfunnsansvar

- Hva er etikk og hva er moral? Moral om det som oppfattes som gode, riktige, prisverdige handlinger og holdninger. Etikk er mer teoretisk orientert, og brukes om systematisk tenkning knyttet til hva som er rett og galt.
- Hva forstås med ordet kultur i kommunen, hvorfor er det viktig
- Hva forstås med samfunnsansvar?
- Hva er grunnlaget for etiske retningslinjer?
- Henvisning til kommunens visjoner og verdigrunnlag. Eksempel på verdier: "Troverdighet, åpenhet og gjensidig respekt". Hva mener vi med slike honnørord her hos oss?
- Henvisning til at ER forankres i kommunens strategier og handlingsplaner.

Del 2 – Våre medmennesker og omgivelser

Her kan enten del 2 eller del 3 vektlegges.

Kommunens interesser handler om forholdet til våre medmennesker og omgivelser. Hvordan skal kommunens forhold til de enkelte gruppene synliggjøres? Her kan man ta for seg de enkelte gruppene og si noe konkret om hvordan arbeidsgiver forventer at noen eller alle gruppene behandles (en serviceerklæring er et eksempel på dette), før man eventuelt går til del 3 og sier mer om konkrete problemstillinger kommunen oppfatter at deres folkevalgte og ansatte må forholde seg til i sitt daglige virke.

- Innledning om forventninger til interessentene, og om roller de forskjellige interesser har
- Forholdet til eksterne interesser
Brukere/innbyggerne/kunder
Leverandører
Konkurrenter
Andre offentlige myndigheter
- Forholdet til interne interesser
Ansatte (på alle nivåer) og folkevalgte (forholdet til hverandre)
Eiere/investorer (i forhold til selskaper man eier, eller er medeier i)
- Forholdet til andre spesielle interesser
Styret eller ledelsen i selskaper man eier, eller er medeier i. Andre?

Del 3 – Sentrale temaer

Velg emner fra sjekklisten som er relevante å ha med for egen kommune:

- Habilitet (familie, venner, eks-jobb) og integritet
- Bi-verv (politisk eller privat virksomhet?)
- Engasjement i frivillige organisasjoner
- Forretningsskikk
- Bruk av kommunens eiendeler
- Bruk av pc og mobil — privat/jobb
- Innkjøp og innkjøpsprosedyrer
- Korrupsjon og bestikkelser
- Gaver (prosedyrer for håndtering; beløpsgrense for personlige gaver)

- Representasjon, turer, bevertning og utgiftsdekning
- Behandling av de som henvender seg til kommunens i forbindelse med ulike virksom- heter
- Forholdet til kolleger og lojalitet
- Om ytringsfrihet (Grunnlovens § 100), lojalitet og taushetsplikt (hva; overfor hvem?)
- Varsling
- Forholdet til medier
- Natur og miljø (eks. håndtering av avfall og miljøfarlige stoffer)
- Internkontroll
- Informasjon
- Annet?

Del 4 – Vedlegg

Aktuelle lover og regler kan tas inn som informasjon og referanse der det er naturlig, f.eks. i forbindelse med innkjøp, gaver eller miljøfarlige stoffer.

16. februar 2015 Henrik Ulriksen

Rådmannen i Flora
Flora kommune
Postboks 13
6900 FLORØ

Dykkar ref.:
Tilskot psykologstilling,
Helsedirektoratet 2014

Vår ref.:
//revuttale020315/tf

Arkivkode:
243B22

Journalnr.:
029 / 2015

Dokumentdato:
2. mars 2015

**REVISJONSUTTALE, TILSKOTSRAPPORTERING BRUK TILSKOTSMIDLAR PSYKO-
LOGSTILLING 2014, 1401 FLORA KOMMUNE – Statsbudsjettet 2014, Kap. 764, Post 60.**

Ref. tilsagn frå Helsedirektoratet 17.03.14, psykologstilling. Statsbudsjettet Kap. 764, post 60, 2014

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord - KRYSS Revisjon - har fått seg førelagt oversikt over bruken av tildelte midlar og rapporteringsskjema vedr. ovannemnde, Flora kommune. Oppstillinga er utarbeida av leiinga i samsvar med, og på bakgrunn av, tilsagnsbrev av 17.03.14 frå Helsedirektoratet, etter søknad frå Flora kommune, d. 28.02.14. Tilsagnet lyder på sum tilskotsmidlar til prosjektet med inntil kr. 510.000,- for 2014, med rapporteringsfrist revidert rekneskap 01.04.15. Tilskotet er utbetalt til kommunen i 201, vart avsett til fond då, og er overført til driftsåret 2014. Sum bokførte kostnader i 2014 utgjer kr. 502.736,-. Dette er i samsvar med rapportering til Helsedirektoratet for 2014.

Leiinga sitt ansvar

Leiinga er ansvarleg for utarbeidinga av rekneskapsoppstillinga i samsvar med rapporteringsbestem-
melsane. Leiinga er også ansvarleg for den rapportering som har funne stad elektronisk på fastsett
skjema av Helsedirektoratet., og for slik intern kontroll som leiinga har funne nødvendig for å
mogleggjere utarbeidinga av ei rekneskapsoppstilling som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon,
korkje som følgje av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om oppstillinga på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført
revisjonen i henhold til god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtekne
av Den norske Revisorforening, og gjev vår uttale i samsvar med ISA 805 «Særlege hensyn ved
revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillinger og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en
regnskapsoppstilling.» Desse revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og
utfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at Flora kommune har overholdt bestem-
melsane i regelverk gjeve i tilsagnsbrevet for nemnde tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet.

Vår revisjon omfattar kontroll av utvalde deler av materialet som underbyggjer rekneskapsopplysning-
ane. Ein revisjon inneber utføring av ulike revisjonshandlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa
og opplysningane i oppstillinga/rapporteringa. Dei valde handlingar avhenger òg av revisor sitt skjønn,
herunder vurdering av risikoane for at oppstillinga inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det skuld-

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

ast mislegheiter eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontroll som er relevant for eininga si utarbeiding av oppstillinga med det føremål å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige ut frå omstendigheitene, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av eininga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om eventuelle rekneskapsestimater utarbeida av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den generelle presentasjonen av oppstillinga.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og hensiktsmessige som grunnlag for vår uttale og vår konklusjon.

Konklusjon:

Vi meiner at den finansielle informasjon som ligg føre i rapporteringa til Helsedirektoratet i det alt vesentlege er utarbeida i samsvar med dei rapporteringskrav som er stilt til rapportering av tilskotsmidlane som er mottekne av Flora kommune. Etter vår oppfatning er tilskotsmidlane nytta og rapportert innafor det regelverk som er sett for denne type tilskotsdormidling.

Utan å modifisere vår konklusjon gjer vi merksam på at vår uttale er utarbeida for å avhjelpe Flora kommune og Helsedirektoratet i forståinga og vurderinga av den tilskotsrapportering som har funne stad. Vår uttale er såleis kun berekna for kommunen og Helsedirektoratet og er ikkje meint å vere eigna til andre føremål, og skal såleis ikkje distribuerast til andre parter.

Florø, 2. mars 2015

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
 Postboks 487, 6801 Førde
 Terje Førde
 Dagleg leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS Revisjon
 Kommunerevisjonen i
 Ytre Sogn og Sunnfjord

Vedlegg:

Rapporteringsskjema til Helsedirektoratet
Attestert rekneskapsoppstilling, d. 02.03.15

Kopi: Kontrollutvalet i Flora kommune

Fra: Sund Rolf Bjarne <RolfBjarne.Sund@flora.kommune.no
<<mailto:RolfBjarne.Sund@flora.kommune.no>>>

Dato: 6. mars 2015 kl. 13.11.01 CET

Til: "Aage Larsen (aage.a.larsen@gmail.com <<mailto:aage.a.larsen@gmail.com>>)"
<aage.a.larsen@gmail.com <<mailto:aage.a.larsen@gmail.com>>>, Hallgeir Helland
<hallgeir.helland@norwell.no <<mailto:hallgeir.helland@norwell.no>>>, "Hanne Kristensen
(hehkristensen@gmail.com <<mailto:hehkristensen@gmail.com>>)" <hehkristensen@gmail.com
<<mailto:hehkristensen@gmail.com>>>, jan arve Midtbø (janmid59@hotmail.no
<<mailto:janmid59@hotmail.no>>) <janmid59@hotmail.no <<mailto:janmid59@hotmail.no>>>, "ola@hovlandsbakken.no <<mailto:ola@hovlandsbakken.no>>" <ola@hovlandsbakken.no
<<mailto:ola@hovlandsbakken.no>>>, Ole Christian Rynning <olecryn@online.no
<<mailto:olecryn@online.no>>>, "katrine.dale@hotmail.com <<mailto:katrine.dale@hotmail.com>>" <katrine.dale@hotmail.com <<mailto:katrine.dale@hotmail.com>>>, "siljenybo@hotmail.com
<<mailto:siljenybo@hotmail.com>>" <siljenybo@hotmail.com <<mailto:siljenybo@hotmail.com>>>, "sobelias@online.no <<mailto:sobelias@online.no>>" <sobelias@online.no
<<mailto:sobelias@online.no>>>

Kopi: Heggheim Terje <Terje.Heggheim@flora.kommune.no
<<mailto:Terje.Heggheim@flora.kommune.no>>>, Solheim-Olsen Bengt
<Bengt.Solheim-Olsen@flora.kommune.no
<<mailto:Bengt.Solheim-Olsen@flora.kommune.no>>>, "bjarne.holme@florafrp.no
<<mailto:bjarne.holme@florafrp.no>>" <bjarne.holme@florafrp.no
<<mailto:bjarne.holme@florafrp.no>>>, Broberg Knut <Knut.Broberg@flora.kommune.no
<<mailto:Knut.Broberg@flora.kommune.no>>>

Emne: VS: rekkefølgekrav Florelandet nord

Hei

I siste møte i Plan og miljøutvalet, 3 mars gjorde utvalet vedtak om at saka om rekkjefølgjekrav knytt til Reguleringsplanen ikkje skulle sendast vidare til Bystyret. Dette etter mellom anna eit klart svar frå rådmannen om at dette ville vere ein formelt riktig måte å gjere det på.

I ettertid har rådmannen vurdert dette på nytt og komme fram til at det er uklart korleis kommunen sitt møte og delegeringsreglement er å forstå når det gjeld dette. Rådmannen har informert utvalsleiar, varaordfører og ordførar ang problemstillinga. Rådmannen anbefalar at saka blir satt på sakslista til bystyret 17 mars. Dette for å vere heilt sikker på at den kommunale sakshandsaminga blir korrekt.

god helg

Rolf Bjarne Sund

plansjef

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 23.03.2015	Saksnr 019/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-610, Komnr-1401	Arkivsaknr.: 15/192
---	-------------------------------------	-------------------------------

Florø barneskole - synfaring

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til møteplan og eventuelt den 14.1.15. Då vart det lagt opp til synfaring med møte på Florø barneskole den 23. mars.

Det er ikkje tilgjengeleg høveleg møterom for kontrollutvalet på skulen. Utvalet startar difor med synfaring ved Florø barneskole. Resten av møtet blir på Flora samfunnshus, møterom Ytterøyane.

Vi møter i administrasjon- og personalrom i 3. etasje av hovudblokka.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 23.03.2015	Saksnr 020/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-170, Komnr-1401	Arkivsaknr.: 15/188
---	-------------------------------------	-------------------------------

ROS-analyse Flora kommune

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til drøfting under «Eventuelt» den 25.2.15: Kontrollutvalet ønskjer Flora kommune si ROS-analyse som sak på neste møte. Rådmannen informerer i møtet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 23.03.2015	Saksnr 021/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1401	Arkivsaknr.: 14/325
---	-------------------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 3- 2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
Tiltak – kontrollutvalsarbeid 011/09	31.03.09	31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør. Orientering frå etatane, Orientering frå revisor Tilsynsrapportar Tertialrapportar Kvalitetsrapportar om Flora.
Kontrollutvalet si rolle 33/14	15.5.14	KU-sak 33/14 (15.5.14) Vedtak: Kontrollutvalet blir tema på strategisamling i Flora bystyre hausten 2014. Kontrollutvalet kallar ikkje inn ordførar til neste møte 15.5.14: Vedtaket sendt til ordførar 51/14, 9.9.14 Frå «Eventuelt»: Fagdag i bystyret: Sekretariatet undersøker med rådmann og ordførar korleis opplegget på fagdag den 29. september vert med tanke på avsett tid og planlagt innhald. Kontrollutvalet ønskjer tilbakemelding så snart som mogeleg om dette. Utvalet vil ha eit ekstra møte for å førebu sitt bidrag og ønskjer å ha ei aktiv rolle på fagdagen. (Aktuell dato: 23.9. kl 13.00 på samfunnshuset). 59/14, 23.10.14. Frå «Eventuelt»: Opplæring / fagdag i bystyret med kontrollutvalet som tema vart det ikkje noko av. Ordførar vert innkalla til møte 21. november for å lage forpliktande opplegg og grunngi

		kvifor det ikkje vart gjennomført i haust. 24.10.14: Sendt innkalling til møte 21.11.14 til ordførar. 62/14, 21.11.14: Ordførar deltok i møtet og informerte om kva som har gjort til at kontrollutvalet si rolle ikkje har kome opp som tema i bystyresamling. Samrøystes vedtak: Kontrollutvalet ønskjer at det blir eit opplegg i første bystyremøte i januar om rolla til kontrollutvalet. 24.11.14: Vedtak sendt til ordførar. 15.01.15: Sendt førespurnad til ordførar om status. 12/15, 25.2.15 KU-vedtak: <i>Dersom det ikkje på nokon måte er mogeleg med temadag, meiner kontrollutvalet at eit minimum må vere ei informasjonssak på ca ½ time i bystyremøte 17. mars.</i>
Etiske retningslinjer	23.10.14	53/14, 23.10.14 Frå «Skriv og meldingar»: - Etiske retningslinjer: Rådmannen gir tilbakemelding etter nyttår om omfang av saker der det blir tilsett nære slektningar av leiarar og rutinane i slike saker. 24.10.14: Sendt spørsmål til rådmannen. 10/15, 25.2.15 Frå Skriv og meldingar 1. <i>Etiske retningslinjer – rutinar ved tilsetjing av nære slektningar.</i> <i>Informasjon ved rådmann Terje Heggheim og personalsjef Trond Ramstad-Olsen. Habilitet vert vurdert og personalsjef er med i tilsetjingsprosess når det vert vurdert aktuelt.</i> <i>Flora kommune vil vurdere omtale av politikk i høve nær slektskap mellom leiar og underordna i etiske retningslinjer.</i>
Forvaltningsrevisjon: Innkjøpsrutinar 56/14	23.10.14	KU-sak 56/14, 23.10.14 Vedtak: 1. Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Innkjøpsrutinar. 2. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til grunnskule. 3. Følgjer Flora kommune lover og reglar ved innkjøp? • Organisering av innkjøpsfunksjonen? • Rutinar som sikrar rett innkjøpsprosess? • Oppfølging av innkjøpsavtalar 4. Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 21. november 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015. 5. Revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet. 24.10.14: Tinginga sendt til KRYSS Revisjon. 63/14, 21.11.14: Prosjektplan. Vedtak: Prosjektplan for forvaltningsrevisjon om innkjøpsrutinar datert 13.11.14, vert godkjent.

Oppfølging av bystyrevedtak	23.10.14	59/14, 23.10.14 Frå «Eventuelt»: - Revisjonsrapport eller anna oppfølging i forhold til oppfølging av bystyrevedtak? - Kontrollutvalet ber rådmannen gjere greie for kva system og rutinar han har for å følgje opp politiske vedtak. 24.10.14: Sendt spørsmål til rådmannen. 61/14, 21.1.14 Frå Skriv og meldingar: System for oppfølging av bystyrevedtak Kontrollutvalet ønskjer orientering når system for oversikt over oppfølging er på plass. 10/15, 25.2.15 Frå Skriv og meldingar: <i>Oppfølging av bystyrevedtak – system for oversikt Informasjon ved rådmann Terje Heggheim. Han delte ut vedtaks- og aktivitetsliste og gjekk gjennom oppbygginga av denne. Kontrollutvalet gav positiv tilbakemelding.</i>
Transparency international	23.10.14	59/14, 23.10.14 Frå «Eventuelt»: - Transparency international: Oppføring på oppfølgingslista om at bystyret ikkje har avklara innmelding. 65/14, 21.11.14 Frå Eventuelt: Transparency International (TI): Framlegg til lesarbreve frå Ingvar Torsvik Myrvollen vart delt ut. Lesarbrevet vert sendt frå alle medlemmane i utvalet. 08/14, 14.1.15 Frå Eventuelt: Transparency International Sekretariatet ber Flora kommune om tilbakemelding på korleis dette er handsama i bystyret. 15.1.15: Sendt spørsmål om handsaminga til Flora kommune 10/15, 25.2.15 Frå Skriv og meldingar: <i>Transparency International – korleis er dette handsama i bystyret Hadsama i bystyret den 13. mai. Ordlyd i bystyret sitt vedtak:</i> <i>Flora Bystyre er positiv til at det skal vere høg fokus på antikorupsjonsarbeid, og vil evaluere Flora kommune sine egne retningslinjer, slik at dei dekkjer alle etikkområder, også korrupsjon.</i> <i>Flora Bystyre ser det som naturleg at etiske retningslinjer vert innarbeidd i samfunnsplanen ved neste rullering av planen.</i> <i>Flora kommune skal ha handsaming av korrupsjon og egne etiske reglar som tema på framtidig folkevaldopplæring.</i> <i>Medlemskap i Transparency International vert å komme tilbake til i eiga sak, der kommunen si rolle i eit slikt medlemskap er meir utgreidd.</i>
Konferansar	23.10.14	59/14, 23.10.14 Frå «Eventuelt»: - Drøfte deltaking på konferansar i 2015. - NKRF: 4. og 5. februar: Bjarne Holme og Bjørg Mikalsen. Vara 1: Eva Richter, vara 2: Ingvar Myrvollen. Deltaking - FKT: 3. og 4. juni: Berit Hovland og Ingvar T Myrvollen. Vara 1: Bjarne Holme, vara 2: Eva Richter

Private barnehagar	21.11.14	61/14, 21.11.14 Frå Skriv og meldingar Private barnehagar. Har dei private barnehagane fått vedtak jf orientering på førre møte. Spørsmål ved Bjarne Holme: Rådmannen informerte. Utbetalingar skjer ikkje før juridiske vurderingar ligg føre frå KS. 15.01.15: Sendt førespurnad til rådmannen om tilskotet er utbetalt til barnehagane. 10/15, 25.2.15 Frå Skriv og meldingar <i>Tilskot til private barnehagar – er det utbetalt til barnehagane jf klage 2014</i> <i>Informasjon ved controller Berit S Osa. Dette er oppgjort.</i>
Møteplan 2015	14.01.15	06/15, 14.01.15: Møteplan for 2015 vert godkjent med følgjande møtedatoar: 14. januar 25. februar 23. mars 29. april 20. mai 22. juni 23. september 11. november Frå «Eventuelt» den 14.01.15: Eventuelle synfaringar med møte i 2015 Rådhuset den 25. februar Florø barneskole: 23. mars Flora samfunnshus: 29. april Resten blir avklara seinare. 15.01.15: Sendt førespurnad til rådmannen om opplegg for synfaring / omvising.
Årsmelding 2014	14.01.15	05/15, 14.01.15: Framlegg til årsmelding datert 6.1.15, vert godkjent med følgjande endringar: • Tilleggssetning knytt til «Forvaltningsrevisjon»: Rapporten som var knytt til pleie og omsorg viste gode resultat. • Partitilknytting går fram av «Medlemar». • Under tabellen «Synfaring med orientering» Kontrollutvalet har vore opptatt av at bygget Havhesten skal ha eit godt vedlikehald for å unngå at det må stengast. • Under tabellen «Saker til kommunestyret»: Utvalet har vore pådrivar for å få reist sak i bystyret om å ta stilling til medlemsskap i Transparency International. 15.01.15: Årsmeldinga, oppdatert med endringane i vedtaket sendt til bystyret for handsaming.
Byggesak på Nordnes		10/15, 25.2.15 Frå Skriv og meldingar <i>Byggesak på Nordnes:</i> <i>Kontrollutvalet ber rådmannen om ei kort utgreiing knytt til byggesak på Nordnes – anten munnleg eller skriftleg.</i>
Ikkje innvilga permisjon for NKRF-seminar		10/15, 25.2.15 Frå Skriv og meldingar <i>Ikkje innvilga permisjon for NKRF-seminar:</i> <i>Kontrollutvalet ber rådmannen om ei kort utgreiing knytt til regelverk opp mot dette avslaget. Anten munnleg eller skriftleg.</i>

ROS-analyse		15/15, 25.2.15 Frå Eventuelt: <i>Kontrollutvalet ønskjer Flora kommune si ROS-analyse som sak på neste møte.</i>
-------------	--	---

SEKOM-sekretariat

Saksgang Flora kontrollutval	Møtedato 23.03.2015	Saksnr 022/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/190
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).